



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
v/ Ove Midtbø
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Tenestetorg og IKT

Sakshandsamar:
Reidun Sørestrand Hågvar
Tlf: 57 62 96 35

Mobil:
Vår ref.
16/316-91
Arkiv
041
Dykkar ref.

Dato
31.03.2016

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	
05 APR 2016	
Saksnr.	16/1121-3
Arkivnr.	326.1
Sakshand.	OMI
Avd.	JU

Svar - Klagesak manglende innsyn - sak 14/975 i Sogndal kommune - innhenting av saksdokument

Vedlagt følger alle dokument i sak 14/975

Med helsing

Reidun Sørestrand Hågvar
arkivleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg: 14/975-1
14/975-2
14/975-3
14/975-4
14/975-4a
14/975-5
14/975-6
14/975-6a
14/975-7
14/975-8
14/975-8a
14/975-8b
14/975-9
14/975-10
14/975-11
14/975-12
14/975-13
14/975-14
14/975-15
14/975-16
14/975-17
14/975-18
14/975-19
14/975-20
14/975-21



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Turid Måseide
Telefon: 57643164
E-post: fmsftbm@fylkesmannen.no

Vår dato
27.02.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/931 - 621
Dykkar referanse

Sogndal kommune
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Varsel om systemrevisjon ved Sogn barnevern

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane varslar med dette om tilsyn med Sogn barnevern. Tilsynet er tenkt gjennomført **23.-25. april 2014**, med opningsmøte onsdag og sluttmøte fredag. Dagsorden kjem vi tilbake til når vi set opp program for gjennomføring av tilsynet.

Dersom tidspunktet for tilsynet ikkje passar for kommunen, må vi få melding om det snarast råd.

Fylkesmannen fører tilsyn med den kommunale barnevernstenesta med heimel i barnevernlova § 2-3 fjerde ledd, bokstav a. Rettsgrunnlaget på dette tilsynsområdet er FNs barnekonvensjon, barnevernlova, forvaltningslova og forskrift om internkontroll for kommunale oppgaver etter barnevernslova.

Bakgrunnen for tilsynet er opplysningar om at Sogn barnevern i lengre tid har hatt utfordringar knytt til arbeidsmiljøet, sjukmeldingar, utskiftingar i stillingar og ein del bruk av vikarar. Dette er omtala i Sogn Avis 26.02.2014. Fylkesmannen er òg kjend med rapporten frå Arbeidstilsynet.

Fylkesmannen legg til grunn at utfordringane knytt til arbeidsmiljøet er ei ekstra arbeidsbelastning for dei tilsette i tenestene, og at dette saman med sjukmeldingar, utskiftingar i stillingar og bruk av vikarar over tid inneber ein auka risiko for at barnevernet ikkje klarer å ivareta dei lovpålagde oppgåvene sine.

Ei viktig oppgåve det kan vere særleg vanskeleg å ivareta i ein slik situasjon, er oppfølging av hjelpetiltak, jf. barnevernlova § 4-5. Temaet for tilsynet er derfor om kommunen sikrar at hjelpetiltak vert følgt opp i samsvar med lov- og forskriftskrav, under dette:

- Gjennomføring av evaluering av hjelpetiltak
- Barnets rett til medverknad i evalueringa
- Forsvarleg vurdering før avslutning av evalueringa

Tilsynet vert utført som ein systemrevisjon. Dette inneber at vi både går gjennom skriftleg dokumentasjon og intervjuar leiarar og tilsette. Det er nødvendig for oss å gå gjennom saksmapper under tilsynet.

I samband med den vidare planlegginga og gjennomføringa av tilsynet, ber vi om at det så snart som råd, vert peika ut ein kontaktperson i kommunen for dette tilsynet. Personen må vere i ein posisjon som gjer at vedkommande har god oversikt over organiseringa av barnevernstenesta, og av kommunen elles.

Vi ber også om at kommunen stiller møterom med tilstrekkeleg plass for deltakarane til

Høvedkontor
Nissalegen 2, 6803 Lekanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 00 02
Org nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 62 17 07

E-post
fmsftbm@fylkesmannen.no
Internett
www.fylkesmannen.no/sj

disposisjon for tilsynsbesøket. Vi ber òg om at så mange som mogeleg av dei som skal intervjuast er til stades på opningsmøtet, der det vert informert om føremålet med tilsynet og den praktiske gjennomføringa. I sluttmøtet er det særleg viktig at leiinga deltek, i tillegg til dei som har vorte intervjuet. I sluttmøtet kjem vi til å oppsummere funn og informere om rapporten som vert utarbeidd i etterkant av tilsynet.

Konklusjonane frå tilsynet vert presentert i ein eigen rapport. Rapporten er eit offentleg dokument, som vert lagt på Fylkesmannen sine heimesider. Rapporten vert òg sendt til Statens helsetilsyn, som vil publisere den på sine heimesider.

Vi ber om at kommunen **innan fredag 21. mars** sender oss følgjande dokumentasjon:

- organisasjonskart for kommunen
- oversikt over dei tilsette i barneverntenesta og oppgåvefordeling
- dokumentasjon av internkontrollsystem, internrapportering, avviksrapportering, risiko- og sårbarheitsanalyse for verksemda, internrevisjon som er relevant for det som er tema ved vårt tilsyn
- dokumentasjon som gjer greie for mål for undersøkinga og evaluering av hjelpetiltak
- opplæringsplan e.l. for dei tilsette i barneverntenesta
- opplysningar om møtestruktur (både internt i barneverntenesta og mellom barneverntenesta og kommuneleiinga)
- rutinar for meldingar, undersøkingar, hjelpetiltak, tiltaksplanar, brukarmedverknad
- andre rutinar som er aktuelle i undersøkings- og evalueringsfasen
- årsmeldinga for 2012 (2013 om den er utarbeidd)
- andre styrande dokument som kan gje informasjon om barneverntenesta

Vi ber òg om å få tilsendt liste over alle hjelpetiltak som er aktive eller avslutta det siste halve året, med opplysning om vedtaksdato, type hjelpetiltak og dato for når tiltaket vart sett i verk. I samband med tilsynet vil vi be om å få framlagt inntil 20 saker (komplett saksmappe) for barn som har eller har hatt hjelpetiltak innanfor det siste halve året.

Ein nærare dagsorden for tilsynet får de i veke 14.

Tilsynet vert gjennomført av rådgjevar Monica Åsen Gjerald, rådgjevar Line Pedersen Døsen og seniorrådgjevar Turid Måseide. Turid Måseide er revisjonsleiar.

Kontaktperson hjå Fylkesmannen er Turid Måseide, telefon: 57 64 31 64, mobil 466 887 622 eller e-post: fmsftbm@fylkesmannen.no.

Med helsing

Hanne Sæbø
seksjonsleiar

Turid Måseide
seniorrådgjevar

Dette brevet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrifter.

Kopi til:
Balestrand kommune v/rådmannen
Leikanger kommune v/rådmannen
Luster kommune v/rådmannen



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Sakshandsamar:
Elin Reinås
Tlf: 57 62 96 70
Mobil:476 06 921
Vår ref.
14/975-2
Arkiv
F40 &58
Dykkar ref.

Dato
20.03.2014

Svar - Varsel om systemrevisjon, innsending av dokument.

Viser til brev frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, av 27.02.2014, "Varsel om systemrevisjon ved Sogn barnevern".

Kontaktperson i kommunen er kommunalsjef Aud Kari Isane.

Vedlagt følger den dokumentasjon som Fylkesmannen etterspør.
Ta kontakt om noko er uklart.

Med helsing

Elin Reinås
tenesteleiar

Vedlegg: stk vedlegg.

Kopi til: Kommunalsjef og Rådmann.

3#239-4c10c39-1314-4311-a155-81x616737795 7



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Turid Måseide
Telefon: 57643164
E-post: fmsftbm@fylkesmannen.no

Sogndal kommune
v/Aud Kari Isane
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Vår dato	Vår referanse
02.04.2014	2014/931 - 621
Dykkar dato	Dykkar referanse
14/975	3 2014/14
04 APR 2014	
Ark.kode P	F40
Ark.kode S	858
Registreringsår	Gradering

Program og førebuing til systemrevisjon

Fylkesmannen viser til varsel om tilsyn. Etter avtale med kommunalsjef Aud Kari Isane, er dato for tilsynet endra til **23.-28. april 2014**. Vedlagt sender vi program for tilsynet.

I opningsmøtet onsdag 23. april vil vi kort orientere om føremålet med tilsynet og den praktiske gjennomføringa. I sluttmøtet måndag 28. april vil vi gje tilbakemelding om eventuelle funn, og om rapporten vi kjem til å utarbeide etter tilsynet.

Dei som er sett opp til intervju bør vere til stades på opnings- og sluttmøtet. Vi ber om at dei i god tid før tilsynet vert informerte om tilsynet og programmet for gjennomføring av tilsynet. Andre tilsette kan delta i opnings- og sluttmøtet, i den grad kommunen vil det.

Vi ber om at det er ein prosjektor tilgjengeleg i møterommet, som vi kan bruke under tilsynet. Som ein del av tilsynet skal vi ha gjennomgang av saksmapper. Vi ber om å få lagt fram mappene til klientane 111, 122, 129, 134, 186, 223, 244, 265, 329, 340, 352, 353, 378, 379, 383, 385, 402, 407, 408, 420. Vi ber om at de for kvar av klientmappene fremst i mappa legg kopi av vedtak om hjelpetiltak, tiltaksplanar og referat/notat der evaluering av hjelpetiltak er tema (øg referat/notat frå samtalar med barnet der evaluering av hjelpetiltak er tema).

Dersom det er lettare for dykk å gjere delar av informasjonen tilgjengeleg for oss elektronisk, ber vi om at det blir lagt til rette for at vi kan få hjelp av ein tilsett ved mappegjennomgangen, slik at vi finn den informasjonen vi treng.

Vi ber om at de så snart som mogeleg og seinast 10.04.2014, melder tilbake om vi kan gjennomføre tilsynet slik vi har sett opp i programmet.

De har tidlegare fått informasjon om at tilsynet vert gjennomført av rådgjevar Monica Åsen Gjerald, rådgjevar Line Pedersen Døsen og seniorrådgjevar Turid Måseide. Tilsynslaget er endra, slik at rådgjevar Gunn Randi Bjørnevoll er med som revisor i staden for rådgjevar Monica Åsen Gjerald.

Ta kontakt med underteikna om de har spørsmål knytt til tilsynet, sjå kontakinformasjon øvst til venstre i dette brevet.

Med helsing

Turid Måseide
seniorrådgjevar

Dette brevet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrifter.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Program for tilsyn med Sogndal kommune, Sogn barnevern

23. – 28. april 2014

Oppfølging av hjelpetiltak, jf. barnevernlova § 4-5

Onsdag 23. april

0900 – 0930 Opningsmøte

0930 – 1030 Intervju med barnevernsleiar Katharine Kvam

1030 – 1545 Mappgjennomgang (revisjonslaget)

Torsdag 25. april

0815 – 1300 Intervju med tilsette

0815 – 0900 Anne Lene Eggum (sakshandsamar Leikanger/Sogndal, oppfølgingsteamet)

0915 – 1000 Nina Bringedal (vikar for sakshandsamar, oppfølgingsteamet)

1015 – 1100 Bente Kåsa (sakshandsamar Balestrand/Sogndal, oppfølgingsteamet)

1115 – 1200 Anne Vibeke Barkved (sakshandsamar Luster/Sogndal, oppfølgingsteamet)

1215 – 1300 Linn Kristin Bøyum (tiltaksarbeidar)

1300 – 1545 Mappgjennomgang mm (revisjonslaget)

Måndag 28. april

0900 – 1145 Intervju med tilsette

0900 – 0945 Elin Reinås (tenesteleiar barn og unge)

1000 – 1045 Katharine Kvam (barnevernsleiar)

1100 – 1145 Aud Kari Isane (kommunalsjef)

1145 – 1430 Oppsummering (revisjonslaget)

1430 – 1500 Sluttmøte



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Turid Måseide
Telefon: 57643164
E-post: fmsftbm@fylkesmannen.no

Vår dato
20.05.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/931 - 621
Dykkar referanse

Sogndal kommune
v/kommunalsjefen
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Førebels rapport etter tilsyn med Sogn barnevern

Fylkesmannen viser til tilsyn med Sogn barnevern 23.-28. april 2014. Vi sender med dette den førebelse rapporten frå tilsynet.

Vi ber om at alle tilsette som deltok under tilsynet får høve til å lese rapporten. Dersom de har merknadar eller kommentarar til det faktiske innhaldet i rapporten, ber vi om at kommunen kjem med ei samla tilbakemelding til den førebelse rapporten innan 9. juni 2014. Den endelege rapporten vil da vere klar før utgangen av juni.

Med helsing

Per Stensland
avdelingsdirektør

Turid Måseide
seniorrådgjevar

Dette brevet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrifter.

Vedlegg:
Førebels rapport

3#243.46c10c391614-4311a155-856fd737795.11



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Rapport frå tilsyn med oppfølging av hjelpetiltak

ved

Sogn barnevern

Adressa til verksemda: Sogndal kommune, postboks 153, 6851 Sogndal
Tidsrom for tilsynet: 27.02.2014 -
Kontaktperson i verksemda: Kommunalsjef Aud Kari Isane

Samandrag

Denne rapporten gjer greie for dei avvika og merknadene som blei påpeikte innanfor dei områda som blei reviderte. Systemrevisjonen gjaldt oppfølging av hjelpetiltak etter barnevernlova § 4-5, under dette

- Gjennomføring og evaluering av hjelpetiltak
- Barnets rett til medverknad
- Forsvarleg vurdering før avslutting av evalueringa

Kommunen fekk eitt avvik:

Sogndal kommune sikrar ikkje forsvarleg oppfølging av hjelpetiltak

Avvik frå følgjande lovkrav: barnevernlova §§ 1-4, 4-5 og det ulovfesta dokumentasjonskravet, jf. internkontrollforskrifta § 4 første ledd bokstavane a, c, d, e, f, g, h

I denne rapportens kapittel 6 går det nærare fram korleis vi har vurdert kommunens styringssystem.

Dato:

Turid Måseide
revisjonsleiar

Line Pedersen Døsen
revisor

Innhald

Samandrag	1
1. Innleiing.....	3
2. Omtale av verksemda - spesielle forhold	3
3. Gjennomføring.....	4
4. Kva tilsynet omfatta	4
5. Funn.....	4
6. Vurdering av styringssystemet i verksemda	6
7. Regelverk	8
8. Dokumentunderlag.....	8
9. Deltakarar ved tilsynet	9

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon ved Sogn barnevern i perioden 27.02.2014 - .

Bakgrunnen for tilsynet er opplysningar om at Sogn barnevern i lengre tid har hatt utfordringar knytt til arbeidsmiljøet, sjukmeldingar, utskiftingar i stillingar og ein del bruk av vikarar. Fylkesmannen legg til grunn at slike utfordringane knytt til arbeidsmiljøet er ei ekstra arbeidsbelastning for dei tilsette i tenestene, og at dette saman med sjukmeldingar, utskiftingar i stillingar og bruk av vikarar over tid inneber ein auka risiko for at barnevernet ikkje klarer å ivareta dei lovpålagde oppgåvene sine.

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunale barnevernstenester med heimel i barnevernlova § 2-3 fjerde ledd.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgjevinga gjennom internkontrollen sin. Revisjonen omfatta å undersøkje:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor det temaet tilsynet omfatta
- om tiltaka vert nytta i praksis og fører til nødvendige korrigeringar
- om tiltaka er nok til å sikre at lovkrava vert følgde

Ein systemrevisjon vert gjennomført ved dokumentgjennomgang, intervju og eventuelt andre undersøkingar.

Rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekte under revisjonen og gjev derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** er mangel på oppfylling av krav som er gjeve i eller i medhald av lov eller forskrift
- **Merknad** gjeld ikkje avvik, men forhold som gjer at tilsynet med utgangspunkt i krav gjeve i lov- eller forskriftskrav ser grunn til å peike på forbettringspotensial

2. Omtale av verksemda - spesielle forhold

Sogn barnevern er ei interkommunal barnevernsteneste for kommunane Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal. Sogndal kommune er vertskommune.

Sogn barnevern er det største barnevernskantoret i fylket. I 2013 hadde Sogn barnevern 187 barn i tiltak.

Kommunalsjefen tok til i stillinga 15.01.2014, tenesteleiar var ikkje tilgjengeleg ved tilsynet og ny barnevernsleiar er tilsett frå 01.05.2014.

Tenesta har til saman 11,3 årsverk fordelt på 18 personar. I åtte månader av 2013 var fem sakshandsamarar ute i fødselspermisjon, i år har ein sakshandsamar fødselspermisjon. Ved tilsynet var det fem vikarar (fire årsverk). Som kompensierende tiltak går tenesta med 0,95 årsverk over dei årsverka det er budsjettert med.

Sogn barnevern er delt i to team; eit undersøkingsteam og eit oppfølgingsteam. Begge teama har både undersøking og oppfølging av hjelpetiltak, men oppfølginga ligg primært til

oppfølgingsteamet. Sidan temaet for tilsynet var oppfølging av hjelpetiltak, har vi i hovudsak sett på kommunen si styring med oppfølgingsteamet sitt arbeid med oppfølging av hjelpetiltak.

Kommunen har mange ulike møte for styring av barnevernstenesta. Barnevernsleiar har postmøte ein gong per veke, systemmøte kvar 14. dag og administrasjonsmøte ein gong i månaden. Det er tenesteleiar møte i kommunen ein gong i månaden, der også barnevernsleiar deltek. Rådmannen i Sogndal kommune kallar rådmennene i Balestrand, Leikanger og Luster inn til informasjonsmøte to gongar per år.

Kommunen nyttar fagsystemet Familia til føring av journal.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

Revisjonsvarsel vart sendt ut 27.02.2014. Oversikt over dokument som verksemda har sendt over i samband med tilsynet, er gjeve i kapittelet Dokumentunderlag.

Opningsmøte vart halde 23.04.2014.

Intervju

8 personar vart intervjuet.

Oversikt over dokumentasjon som vart gjennomgått under revisjonsbesøket, er gjeve i kapittelet Dokumentunderlag.

Sluttmøte vart halde 28.04.2014.

4. Kva tilsynet omfatta

Temaet for tilsynet var oppfølging av hjelpetiltak etter barnevernlova § 4-5, under dette

- Gjennomføring og evaluering av hjelpetiltak
- Barnets rett til medverknad
- Forsvarleg vurdering før avslutting av evalueringa

5. Funn

Avvik:

Sogndal kommune sikrar ikkje forsvarleg oppfølging av hjelpetiltak

Avvik frå følgjande lovkrav: barnevernlova §§ 1-4, 4-5 og det ulovfesta dokumentasjonskravet, jf. internkontrollforskrifta § 4 første ledd bokstavane a, c, d, e, f, g, h

Avviket byggjer på desse observasjonane gjort ved intervju og dokumentgjennomgang:

- Kommunen har ikkje tiltaksplan for alle barn som har hjelpetiltak. Dei tilsette kjenner til den skriftlege prosedyren som slår fast at tiltaksplan skal føreligge samstundes med vedtaket om hjelpetiltak. I årsmeldinga for 2013 står det at alle barn har tiltaksplan, medan halvtårsrapporteringar og avviksmeldingar viser at mange barn manglar

tiltaksplan. Mappегjennomgangen viste at tiltaksplanen i fleire saker er utarbeidd ei tid etter at det er gjort vedtak om hjelpetiltak. I nokre saker manglar tiltaksplan heilt

- Kommunen har skriftlege prosedyrar som slår fast at barnevernstenesta «skal følgje nøye med på korleis det går med barnet og foreldra og vurdere om hjelpa er tenleg, eventuelt om det er naudsynt med nye tiltak eller om det er grunnlag for omsorgsovertaking». Prosedyren seier ikkje korleis oppfølginga skal skje. Sakshandsamarane bruker tiltaksplanen ulikt og har ulik forståing for kva informasjon tiltaksplanen skal innehalde. Mange tiltaksplanar har generelle mål/delmål som det er vanskeleg å evaluere effekten av tiltaket opp mot. Tiltaksplanen vert ikkje alltid brukt i samband med evalueringa
- Kommunen har skriftlege prosedyrar som slår fast at «Tiltaksplanen skal verte evaluert regelmessig... I forarbeida til bvl § 4-5 vert det nemnt at slik evaluering bør bli gjort som eit minimum kvart kvartal». Det er opp til kvar sakshandsamar å sikre framdrift i sakene. Fleire tiltaksplanar manglar dato for evaluering eller har dato for evaluering meir enn tre månader fram i tid. Det er ikkje dokumentert at evaluering er gjort innanfor dei fristane som er sett
- Sakshandsamarane har ikkje eins praksis for oppfølging av barn og foreldre og evaluering av hjelpetiltak. Det finst ikkje retningslinjer, sjekklister eller liknande for kva opplysningar som er nødvendige og relevante eller kva vurderingar som er nødvendige og tilstrekkelege ved evalueringa. Det er samarbeid mellom sakshandsamar og tiltaksarbeidar i samband med evaluering av hjelpetiltak, men ikkje fast rutine at evaluering skjer i samarbeid mellom tilsette. Det er rom for å drøfte saker i kuratormøte, men det er opp til sakshandsamarane kva saker som vert tekne opp. Kommunen har ikkje rutinar som sikrar at alle avgjerder om at eit hjelpetiltak etter evalueringa skal halde fram som før vert kvalitetssikra av fagleg overordna eller andre. Kvalitetssikring skjer ved at sakshandsamar får rettleiing frå barnevernsleiar ein time ein gong per måned. Det er opp til sakshandsamar å be leiar kvalitetssikre ved evaluering
- Barnevernstenesta dokumenterer sjeldan barnevernsfaglege vurderingar som vert gjort i samband med oppfølging og evaluering av hjelpetiltak. Faktiske opplysningar vert samla til bruk i evalueringa, men det er ikkje fast praksis for at barnevernsfaglege vurderingar vert oppsummerte ved evaluering. Sakshandsamarane har ikkje felles forståing for kva som er barnevernsfaglege vurderingar eller korleis slike vurderingar skal dokumenterast
- Kommunen har skriftlege prosedyrar som slår fast at evalueringa skal dokumenterast i fagprogram. Sakshandsamarane kjenner til skjemaet for evaluering som ligg i Familia, men det vert ikkje brukt av alle, og i dei sakene det er brukt, er det brukt ulikt
- Sakshandsamarane er merksame på kravet om at dei skal snakke med barnet, men det er skjer ikkje alltid i samband med evaluering. Opplysningar om at barnevernstenesta har spurt barnet om korleis hjelpetiltaket fungerer eller kva tilbakemelding barnet har gjeve om dette, vert ikkje dokumentert i alle saker. Ved mappегjennomgangen såg vi at barnevernstenesta har snakka med barnet i 9 av 14 saker der barnet er over 7 år og i to saker der barna er yngre, men det var vanskeleg å sjå om det hadde skjedd som ledd

i evalueringa

- Kommunen har samla data til ein kompetanseoversikt, men kommunen har per i dag ingen oversikt som viser vurdert kompetansebehov og ingen kompetanseplan. Tilbod om opplæring er avhengig av kva kommunen får tilbod om og kor mange som kan vere med. Kommunen har skriftleg prosedyre for introduksjon av nytilsette (kap 3 i perm), men det er ikkje samsvar mellom leiinga si forventning til denne opplæringa og dei tilsette si erfaring med mottak av nytilsette/vikarar. Næraste overordna er fagleg fadder, men kommunen har inga ordning med at nytilsette/vikarar har med seg erfaren sakshandsamar den første tida
- Dei tilsette har tilgang til oppdatert regelverk. Nye reglar og presiseringar av regelverket vert det orientert om på fagmøte og går fram av referat frå slike møte, som er samla i ein perm. Kommunen har mange relevante skriftlege prosedyrar i kvalitetssystemet SKK. Dei tilsette er i liten grad med på å utarbeide eller kvalitetssikre dei skriftlege prosedyrane. Leiinga følgjer ikkje med på om prosedyrane og retningslinjene vert brukt og at dei verkar slik dei er tenkt, til dømes ved rapportering frå medarbeidarar, avviksskjema eller personalmøte
- Kommunen har sett i gang arbeid med ROS-vurderingar for barnevernsområdet. Leiinga og dei tilsette har ulike vurderingar av kvar det er størst fare for svikt i samband med oppfølging av hjelpetiltak. Kommunen har ikkje rutinar som sikrar at rapporteringsdata, erfaringar frå dei tilsette og oppdragstakarar og tilbakemeldingar frå barn, foreldre og samarbeidspartar vert innhenta, samla og brukt i forbetningsarbeidet
- Kommunen har skriftlege prosedyrar for melding av avvik. Dei tilsette kjenner til systemet og har fått opplæring i korleis dei skal melde avvik. Sakshandsamarane melder ikkje sjølve avvik knytt til oppfølging av hjelpetiltak. Dei tilsette har ulik forståing av kva som skal meldast som avvik i samband med oppfølging av hjelpetiltak. Dei tilsette reknar med at det dei munnleg melder om avvik til barnevernsleiar vert teke vidare av barnevernsleiar. Dei tilsette har ikkje kjennskap til korleis leiinga nyttar avviksmeldingane. Avviksrapportering vert ikkje brukt systematisk i forbetningsarbeidet

6. Vurdering av styringssystemet i verksemda

Plikta til å etablere eit styringssystem på barnevernsområdet er regulert i barnevernlova § 2-1 andre ledd og internkontrollforskrifta. Kravet om internkontroll inneber at kommunen skal sikre at lov- og forskriftskrav vert følgt opp gjennom systematisk styring og forbetningsarbeid, jf. forskrifta § 3.

Internkontrollforskrifta § 4 regulerer innhaldet i internkontrollen:

”Internkontrollen skal tilpassast barneverntjenestens størrelse, egenart, aktivitetar og risikoforhold og ha det omfang som er nødvendig for å etterleve krav fastsatt i eller i medhold av lov om barneverntjenester.”

Kommunens ansvar for internkontroll, og dokumentasjonen av internkontrollen, er nærare presisert i § 4 andre ledd bokstav a – h, jf. § 5.

Krava til styring og kontroll inneber blant anna at kommunen skal avklare ansvarsforhold, oppgåvefordeling og roller. Kommunen skal utarbeide nødvendige rutinar og prosedyrar og sikre at dei tilsette følgjer desse. Vidare skal kommunen sikre at alle tilsette har den kompetansen dei treng for å utføre oppgåvene sine.

Gjennom systematiske risikovurderingar av området, som mellom anna byggjer på erfaringar som tilsette og oppdragstakarar har gjort seg, tilbakemeldingar frå barn, foreldre og samarbeidspartar, kan kommunen innrette styringa slik at tenesta vert i samsvar med regelverket. For å få oversikt over område der det sviktar eller er fare for svikt må kommunen ha eit system for å etterspørje og ta i mot meldingar om uønskte hendingar, og kommunen må systematisk bruke kunnskap og tilbakemeldingar frå eigne tilsette og andre i kvalitetsarbeidet.

Kvalitetssystemet SKK er kjent blant dei tilsette, men dette kvalitetssystemet bidreg i liten grad til styring av arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak. Det er uklart kven som i samband med evaluering av hjelpetiltak har mynde til å bestemme at tiltaket skal halde fram som før. Det kan føre til at evalueringa ikkje vert kvalitetssikra av leiar eller andre og at behov for endringar i tiltak ikkje vert fanga opp. Dei tilsette er i liten grad med på å utarbeide og evaluere prosedyrane som gjeld for det arbeidet dei utfører, og dei skriftlege prosedyrane som ligg i SKK vert i varierende grad nytta i det daglege arbeidet. Prosedyrane seier ikkje korleis oppfølging og evaluering av hjelpetiltak skal skje. Det er derfor i stor grad opp til den enkelte sakshandsamar korleis evaluering av hjelpetiltak vert gjennomført.

Kommunen har sett i gang arbeid med kompetansekartlegging, men har per i dag ingen samla oversikt over kompetansen og vurdering av opplæringsbehovet knytt til arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak. Kommunen har prosedyre og sjekklister for introduksjon av nyttilsette, men sikrar verken med dette eller andre styringstiltak at nyttilsette/vikarar får nødvendig fagleg opplæring og fagleg støtte.

Styringa med sakshandsamarane sitt arbeid med oppfølging av hjelpetiltak skjer i fagmøte, ved rettleiingsamtalane med barnevernsleiar og elles ved at barnevernsleiar kvalitetssikrar vedtak (og endringar i vedtak). Barnevernsfaglege vurderingar som vert gjort i samband med oppfølging og evaluering, vert i liten grad dokumenterte. Det gjer det vanskeleg for barn og foreldre å ivareta rettane sine og det gjer tenesta sårbar ved skifte i personale. Det kan føre til at behov for endringar i hjelpetiltak ikkje vert sett og følgt opp raskt nok. Framdrift i arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak og evaluering av hjelpetiltak er ikkje fast tema i teammøte eller rettleiingssamtalane. Ansvar for framdrift i arbeidet med oppfølging og evaluering av hjelpetiltak, ligg i praksis på kvar enkelt sakshandsamar. Sjukefråvær eller andre endringar i arbeidssituasjonen til den enkelte sakshandsamaren, kan dermed føre til at oppfølging og evaluering ikkje skjer i samsvar med dei faglege vurderingane som er gjort.

Kommunen har sett i gang arbeid med ROS-vurderingar for barnevernsområdet, men har per i dag ikkje nokon samla oversikt over risikofaktorar knytt til arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak, til dømes verknadene ved sjukefråvær, bruk av vikarar eller ved utskifting i stillingar. Det kan føre til at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar mot svikt i tenesta i slike situasjonar.

Avvikssystemet er òg ein del av kvalitetssystemet SKK, men rutinane for avviksmelding sikrar ikkje at avvik knytt til arbeidet med oppfølging eller evaluering av hjelpetiltak vert meldt. Slike avvik kan til dømes vere at det ikkje er utarbeidd tiltaksplan, brot på interne

evalueringsfristar, at det ikkje er gjennomført samtalar med barnet i evalueringsfasen, eller at det ikkje er gjennomført evaluering av iverksette hjelpetiltak. Dersom dei tilsette ikkje melder avvik knytt til det faglege arbeidet, bidreg ikkje avvikssystemet til å kvalitetssikre arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak. Dei tilsette har ikkje felles forståing for kva som skal meldast som avvik eller kven som skal melde avvik, og rutinane for å melde avvik i dette systemet er ikkje innarbeidde i det daglege arbeidet. Kommuneleiinga etterspør ikkje avvik knytt til oppfølging av hjelpetiltak og har heller ikkje system for å samle og bruke andre tilgjengelege og relevante rapporteringsdata, erfaringar eller tilbakemeldingar som gjeld arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak systematisk i forbetningsarbeidet. Dersom slik informasjon ikkje vert samla og brukt i forbetningsarbeidet, kan det føre til at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar mot svikt i tenesta eller oppnår mogleg forbetring.

Tilsynet viste at internkontrollsystemet i Sogndal kommune ikkje er innretta slik at det sikrar mot svikt i arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak etter barnevernlova. Uklar ansvars plassering, uklare forventningar til utføring av oppgåvene, lite detaljerte skriftlege prosedyrar, lite involvering av dei tilsette ved utarbeiding av skriftlege prosedyrar, ulik praksis kring utføring av oppgåvene og lite dokumentasjon av dei faglege vurderingane som vert gjort, manglande system for fagleg opplæring og fagleg støtte til nyttilsette/vikarar, manglande system for kvalitetssikring av arbeidet med oppfølging og evaluering av hjelpetiltak, manglande kontroll med plan, framdrift og gjennomføring av dette arbeidet og det at leiinga ikkje nyttar all tilgjengeleg informasjon og kunnskap i forbetningsarbeidet, er manglar ved styringar som kan føre til at barn og foreldre ikkje får nødvendig hjelp til rett tid. Risikoen for svikt som følgje av slike manglar ved styringa, aukar ved sjukmeldingar, utskiftingar i personalet og bruk av vikarar.

Summen av slike svikt i styringa som er avdekka ved dette tilsynet, medfører stor risiko for at barn og foreldre som har hjelpetiltak ikkje får den hjelpa dei treng, slik dei etter barnevernlova har krav på.

7. Regelverk

- FNs barnekonvensjon
- Barnevernlova
- Forvaltningslova
- Internkontrollforskrifta

8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som vart send til oss før revisjonen:

- Organisasjonskart
- Verksemdsplan 2013 og 2014
- Årsmelding
- Kontordagar
- Bemanningsplan
- Stillingsomtalar
- Sjekkliste for mottak av nyttilsette
- Oversikt over kompetansetiltak

- Årshjul for rapporteringar
- Ros-analyse
- Oversikt over ulike samhandlingsmøte
- Oversikt over barn som har hjelpetiltak
- Rettleiaren «Barn og unge i fokus»
- Individuell plan. Koordinerande eining.
- Avvik
- Prosedyrar
- HMT

Dokumentasjon som vart gjennomgått under revisjonsbesøket:

- Klientmapper for 20 barn og unge som har hjelpetiltak
- Døme på barnevernsfaglege vurderingar i andre saker
- Perm med notat frå kuratormøte

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen:

- Varsel om tilsyn 27.02.2014
- Oversending av dokumentasjon frå kommunen 20.03.2014
- Program og informasjon om førebuing 27.03.2014
- E-post veksling om program/plan for gjennomføring

9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som vart intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Bente Kåsa	Barnevernskurator	X	X	X
Ruth Karen Gunvordal	Tiltaksarbeidar	X	X	X
Malene Nordstrand	Barnevernskurator	X		X
Elisa Silden	Barnevernskurator	X		X
Vivian I. Mannsåker	Barnevernskurator	X		X
Agnete Tuften	Barnevernskurator	X		X
Linn K. G. Bøyum	Tiltaksarbeidar	X		
Ingeborg Elvagjeng	Barnevernskurator	X		
Silje Andersen	Barnevernskurator	X		X
Hildur Irene Vatilestad	Konsulent	X		X
Anne Lene Eggum	Barnevernskurator	X	X	X
Anne Vibeke Barkved	Barnevernskurator	X	X	X
Nina Bringedal	Barnevernskurator	X	X	X
Aud Kari Isane	Kommunalsjef		X	X
Lene Borlaug	Barnevernskurator			X

Elin P. Tysse	Nestleiar		X	X
Åshild Nilsen	Barnevernskurator			X
Katharine Kvam	Barnevernleiar		Telefon- intervju	

Frå tilsynsorganet deltok:

Turid Måseide (revisjonsleiar)

Line Pedersen Døsen (revisor)

Gunn Randi Bjørnevoll (revisor)



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Rådmannen

Sakshandsamar:
Aud Kari Isane
Tlf: 57 62 96 15
Mobil: 975 94 200
Vår ref.
14/975-5
Arkiv
F40 & 58
Dykkar ref.

Dato
16.06.2014

Svar - Førebels rapport etter tilsyn med Sogn barnevern

Vi viser til førebels rapport etter tilsyn med Sogn barnevern.
Utanom eit tillegg under pkt 2 Omtale av verksemda – spesielle forhold der vi ønsker å
tilføye at kommunalsjef har faste møter med tenesteleiar kvar veke for oppfølging og
informasjon.

Vi takkar for eit grundig og lærerikt tilsyn og ønsker eit fortsatt godt samarbeid.

Med helsing

Aud Kari Isane
kommunalsjef

Vedlegg:

Kopi til:

3f255-4c10c39-4314-4311-a155-8b8d737f795-23



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Turid Måseide
Telefon: 57643164
E-post: fmsftbm@fylkesmannen.no

Vår dato
24.06.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/931 - 621
Dykkar referanse

Sogndal kommune
Postboks 153
6851 Sogndal

Rapport etter tilsyn med Sogn barnevern

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane viser til tilsyn med Sogn barnevern 23.-28. april 2014. Kommunen har ved brev 16.06.2014 kome med merknader til den førebelse rapporten. Merknaden er teken til følgje.

Vedlagt følgjer endeleg rapport frå tilsynet. Rapporten er offentleg. Kopi av rapporten vert sendt til Statens Helsetilsyn. Den vert også lagt ut på Helsetilsynet og på Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sine nettsider.

Fylkesmannen har ved dette tilsynet berre sett på ein avgrensa del av verksemda til barnevernstenesta. Temaet for tilsynet var oppfølging av hjelpetiltak etter barnevernlova, og kommunen fekk eitt avvik. Fylkesmannen har i rapporten peika på manglar ved styringa som kan føre til at barn og foreldre ikkje får nødvendig hjelp til rett tid. Kommunen bør sjølv gjere seg opp ei meining om kva forhold som påverkar og bidreg til avviket. Ved retting av avviket bør kommunen prøve å finne tiltak som gjev varige løysingar og førebyggjer liknande avvik.

Vi ber om at kommunen utarbeider ein plan for å rette opp avviket, og sender den til oss innan **25.07.2014**.

Planen for tiltak framover må innehalde desse elementa:

- Tiltak som vert sett i verk for å rette avviket
- Informasjon om korleis leiinga vil følgje med på og kontrollere at tiltaka er sett i verk
- Informasjon om korleis leiinga vil gå fram for å finne ut om tiltaka har verka som planlagt etter at dei har fått verke ei stund
- Kommunens eigne fristar for å sikre framdrift i arbeidet med å lukke avviket

Fylkesmannen vil melde tilbake til kommunen etter at vi har fått planen for lukking av avviket. Vi takkar for godt samarbeid i samband med tilsynet og ønskjer lukke til med forbetningsarbeidet.

Dette brevet og endeleg rapport er elektronisk godkjende dokument utan underskrifter.

Med helsing

Jacob Andersen
fung. avdelingsdirektør

Turid Måseide
seniorrådgjevar

Vedlegg: Endeleg rapport

Kopi med vedlegg til Statens helsetilsyn, postboks 8128 Dep, 0032 Oslo

Revisjonskontor
Trusseveggen 2, 6000 Levanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 03 23
Org.nr: 974 760 907

Landbruksavdelinga
Fjellveggen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 62 17 77

E-post:
fmsftbm@fylkesmannen.no
internett:
www.fylkesmannen.no/sfj



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Rapport frå tilsyn med oppfølging av hjelpetiltak

ved

Sogn barnevern

Adressa til verksemda: Sogndal kommune, postboks 153, 6851 Sogndal
Tidsrom for tilsynet: 27.02.2014 – 25.06.2014
Kontaktperson i verksemda: Kommunalsjef Aud Kari Isane

Samandrag

Denne rapporten gjer greie for avviket som vart påpeika innanfor det området som vart revidert. Systemrevisjonen gjaldt oppfølging av hjelpetiltak etter barnevernlova § 4-5, under dette

- Gjennomføring og evaluering av hjelpetiltak
- Barnets rett til medverknad
- Forsvarleg vurdering før avslutting av evalueringa

Kommunen fekk eitt avvik:

Sogndal kommune sikrar ikkje forsvarleg oppfølging av hjelpetiltak

Avvik frå følgjande lovkrav: barnevernlova §§ 1-4, 4-5 og det ulovfesta dokumentasjonskravet, jf. internkontrollforskrifta § 4 første ledd bokstavane a, c, d, e, f, g, h

I denne rapportens kapittel 6 går det nærare fram korleis vi har vurdert kommunens styringssystem.

Dato: 25.06.2014

Turid Måseide
revisjonsleiar

Line Pedersen Døsen
revisor

Innhald

Samandrag	1
1. Innleiing.....	3
2. Omtale av verksemda - spesielle forhold	3
3. Gjennomføring	4
4. Kva tilsynet omfatta	4
5. Funn.....	4
6. Vurdering av styringssystemet i verksemda	6
7. Regelverk	8
8. Dokumentunderlag.....	9
9. Deltakarar ved tilsynet	9

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon ved Sogn barnevern i perioden 27.02.2014 – 25.06.2014.

Bakgrunnen for tilsynet er opplysningar om at Sogn barnevern i lengre tid har hatt utfordringar knytt til arbeidsmiljøet, sjukmeldingar, utskiftingar i stillingar og ein del bruk av vikarar. Fylkesmannen legg til grunn at slike utfordringane knytt til arbeidsmiljøet er ei ekstra arbeidsbelastning for dei tilsette i tenestene, og at dette saman med sjukmeldingar, utskiftingar i stillingar og bruk av vikarar over tid inneber ein auka risiko for at barnevernet ikkje klarer å ivareta dei lovpålagde oppgåvene sine.

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunale barnevernstenester med heimel i barnevernlova § 2-3 fjerde ledd.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgjevinga gjennom internkontrollen sin. Revisjonen omfatta å undersøkje:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor det temaet tilsynet omfatta
- om tiltaka vert nytta i praksis og fører til nødvendige korrigeringar
- om tiltaka er nok til å sikre at lovkrava vert følgde

Ein systemrevisjon vert gjennomført ved dokumentgjennomgang, intervju og eventuelt andre undersøkingar.

Rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekte under revisjonen og gjev derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** er mangel på oppfylling av krav som er gjeve i eller i medhald av lov eller forskrift
- **Merknad** gjeld ikkje avvik, men forhold som gjer at tilsynet med utgangspunkt i krav gjeve i lov- eller forskriftskrav ser grunn til å peike på forbettringspotensial

2. Omtale av verksemda - spesielle forhold

Sogn barnevern er ei interkommunal barnevernsteneste for kommunane Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal. Sogndal kommune er vertskommune.

Sogn barnevern er det største barnevernskantoret i fylket. I 2013 hadde Sogn barnevern 187 barn i tiltak.

Kommunalsjefen tok til i stillinga 15.01.2014, tenesteleiar var ikkje tilgjengeleg ved tilsynet og ny barnevernsleiar er tilsett frå 01.05.2014.

Tenesta har til saman 11,3 årsverk fordelt på 18 personar. I åtte månader av 2013 var fem sakshandsamarar ute i fødselspermisjon, i år har ein sakshandsamar fødselspermisjon. Ved tilsynet var det fem vikarar (fire årsverk). Som kompenserande tiltak går tenesta med 0,95 årsverk over dei årsverka det er budsjettert med.

Sogn barnevern er delt i to team; eit undersøkingsteam og eit oppfølgingsteam. Begge teama har både undersøking og oppfølging av hjelpetiltak, men oppfølginga ligg primært til oppfølgingsteamet. Sidan temaet for tilsynet var oppfølging av hjelpetiltak, har vi i hovudsak sett på kommunen si styring med oppfølgingsteamet sitt arbeid med oppfølging av hjelpetiltak.

Kommunen har mange ulike møte for styring av barnevernstenesta. Barnevernsleiaren har postmøte ein gong per veke, systemmøte kvar 14. dag og administrasjonsmøte ein gong i månaden. Kommunalsjefen har faste møte med tenesteleiaren kvar veke for oppfølging og informasjon. Det er tenesteleiar møte i kommunen ein gong i månaden, der også barnevernsleiaren deltek. Rådmannen i Sogndal kommune kallar rådmennene i Balestrand, Leikanger og Luster inn til informasjonsmøte to gongar per år.

Kommunen nyttar fagsystemet Familia til føring av journal.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen har omfatta følgjande aktivitetar:

Revisjonsvarsel vart sendt ut 27.02.2014. Oversikt over dokument som verksemda har sendt over i samband med tilsynet, er gjeve i kapittelet Dokumentunderlag.

Opningsmøte vart halde 23.04.2014.

Intervju

8 personar vart intervjuet.

Oversikt over dokumentasjon som vart gjennomgått under revisjonsbesøket, er gjeve i kapittelet Dokumentunderlag.

Sluttmøte vart halde 28.04.2014.

4. Kva tilsynet omfatta

Temaet for tilsynet var oppfølging av hjelpetiltak etter barnevernlova § 4-5, under dette

- Gjennomføring og evaluering av hjelpetiltak
- Barnets rett til medverknad
- Forsvarleg vurdering før avslutting av evalueringa

5. Funn

Avvik:

Sogndal kommune sikrar ikkje forsvarleg oppfølging av hjelpetiltak

Avvik frå følgjande lovkrav: barnevernlova §§ 1-4, 4-5 og det ulovfesta dokumentasjonskravet, jf. internkontrollforskrifta § 4 første ledd bokstavane a, c, d, e, f, g, h

Avviket byggjer på desse observasjonane gjort ved intervju og dokumentgjennomgang:

- Kommunen har ikkje tiltaksplan for alle barn som har hjelpetiltak. Dei tilsette kjenner til den skriftlege prosedyren som slår fast at tiltaksplan skal føreligge samstundes med vedtaket om hjelpetiltak. I årsmeldinga for 2013 står det at alle barn har tiltaksplan, medan halvtårsrapporteringar og avviksmeldingar viser at mange barn manglar tiltaksplan. Mappegjennomgangen viste at tiltaksplanen i fleire saker er utarbeidd ei tid etter at det er gjort vedtak om hjelpetiltak. I nokre saker manglar tiltaksplan heilt
- Kommunen har skriftlege prosedyrar som slår fast at barnevernstenesta «skal følge nøye med på korleis det går med barnet og foreldra og vurdere om hjelpa er tenleg, eventuelt om det er naudsynt med nye tiltak eller om det er grunnlag for omsorgsovertaking». Prosedyren seier ikkje korleis oppfølginga skal skje. Sakshandsamarane bruker tiltaksplanen ulikt og har ulik forståing for kva informasjon tiltaksplanen skal innehalde. Mange tiltaksplanar har generelle mål/delmål som det er vanskeleg å evaluere effekten av tiltaket opp mot. Tiltaksplanen vert ikkje alltid brukt i samband med evalueringa
- Kommunen har skriftlege prosedyrar som slår fast at «Tiltaksplanen skal verte evaluert regelmessig... I forarbeida til bvl § 4-5 vert det nemnt at slik evaluering bør bli gjort som eit minimum kvart kvartal». Det er opp til kvar sakshandsamar å sikre framdrift i sakene. Fleire tiltaksplanar manglar dato for evaluering eller har dato for evaluering meir enn tre månader fram i tid. Det er ikkje dokumentert at evaluering er gjort innanfor dei fristane som er sett
- Sakshandsamarane har ikkje eins praksis for oppfølging av barn og foreldre og evaluering av hjelpetiltak. Det finst ikkje retningslinjer, sjekklister eller liknande for kva opplysningar som er nødvendige og relevante eller kva vurderingar som er nødvendige og tilstrekkelege ved evalueringa. Det er samarbeid mellom sakshandsamar og tiltaksarbeidar i samband med evaluering av hjelpetiltak, men ikkje fast rutine at evaluering skjer i samarbeid mellom tilsette. Det er rom for å drøfte saker i kuratormøte, men det er opp til sakshandsamarane kva saker som vert tekne opp. Kommunen har ikkje rutinar som sikrar at alle avgjerder om at eit hjelpetiltak etter evalueringa skal halde fram som før vert kvalitetssikra av fagleg overordna eller andre. Kvalitetssikring skjer ved at sakshandsamar får rettleiing frå barnevernsleiar ein time ein gong per måned. Det er opp til sakshandsamar å be leiar kvalitetssikre ved evaluering
- Barnevernstenesta dokumenterer sjeldan barnevernsfaglege vurderingar som vert gjort i samband med oppfølging og evaluering av hjelpetiltak. Faktiske opplysningar vert samla til bruk i evalueringa, men det er ikkje fast praksis for at barnevernsfaglege vurderingar vert oppsummerte ved evaluering. Sakshandsamarane har ikkje felles forståing for kva som er barnevernsfaglege vurderingar eller korleis slike vurderingar skal dokumenterast
- Kommunen har skriftlege prosedyrar som slår fast at evalueringa skal dokumenterast i fagprogram. Sakshandsamarane kjenner til skjemaet for evaluering som ligg i Familia, men det vert ikkje brukt av alle, og i dei sakene det er brukt, er det brukt ulikt

- Sakshandsamarane er merksame på kravet om at dei skal snakke med barnet, men det er skjer ikkje alltid i samband med evaluering. Opplysningar om at barnevernstenesta har spurt barnet om korleis hjelpetiltaket fungerer eller kva tilbakemelding barnet har gjeve om dette, vert ikkje dokumentert i alle saker. Ved mappegjennomgangen såg vi at barnevernstenesta har snakka med barnet i 9 av 14 saker der barnet er over 7 år og i to saker der barna er yngre, men det var vanskeleg å sjå om det hadde skjedd som ledd i evalueringa
- Kommunen har samla data til ein kompetanseoversikt, men kommunen har per i dag ingen oversikt som viser vurdert kompetansebehov og ingen kompetanseplan. Tilbod om opplæring er avhengig av kva kommunen får tilbod om og kor mange som kan vere med. Kommunen har skriftleg prosedyre for introduksjon av nytilsette (kap 3 i permenn), men det er ikkje samsvar mellom leiinga si forventning til denne opplæringa og dei tilsette si erfaring med mottak av nytilsette/vikarar. Næraste overordna er fagleg fadder, men kommunen har inga ordning med at nytilsette/vikarar har med seg erfaren sakshandsamar den første tida
- Dei tilsette har tilgang til oppdatert regelverk. Nye reglar og presiseringar av regelverket vert det orientert om på fagmøte og går fram av referat frå slike møte, som er samla i ein perm. Kommunen har mange relevante skriftlege prosedyrar i kvalitetssystemet SKK. Dei tilsette er i liten grad med på å utarbeide eller kvalitetssikre dei skriftlege prosedyrane. Leiinga følgjer ikkje med på om prosedyrane og retningslinjene vert brukt og at dei verkar slik dei er tenkt, til dømes ved rapportering frå medarbeidarar, avviksskjema eller personalmøte
- Kommunen har sett i gang arbeid med ROS-vurderingar for barnevernsområdet. Leiinga og dei tilsette har ulike vurderingar av kvar det er størst fare for svikt i samband med oppfølging av hjelpetiltak. Kommunen har ikkje rutinar som sikrar at rapporteringsdata, erfaringar frå dei tilsette og oppdragstakarar og tilbakemeldingar frå barn, foreldre og samarbeidspartar vert innhenta, samla og brukt i forbetningsarbeidet
- Kommunen har skriftlege prosedyrar for melding av avvik. Dei tilsette kjenner til systemet og har fått opplæring i korleis dei skal melde avvik. Sakshandsamarane melder ikkje sjølve avvik knytt til oppfølging av hjelpetiltak. Dei tilsette har ulik forståing av kva som skal meldast som avvik i samband med oppfølging av hjelpetiltak. Dei tilsette reknar med at det dei munnleg melder om avvik til barnevernsleiar vert teke vidare av barnevernsleiar. Dei tilsette har ikkje kjennskap til korleis leiinga nyttar avviksmeldingane. Avviksrapportering vert ikkje brukt systematisk i forbetningsarbeidet

6. Vurdering av styringssystemet i verksemda

Plikta til å etablere eit styringssystem på barnevernsområdet er regulert i barnevernlova § 2-1 andre ledd og internkontrollforskrifta. Kravet om internkontroll inneber at kommunen skal sikre at lov- og forskriftskrav vert følgd opp gjennom systematisk styring og forbetningsarbeid, jf. forskrifta § 3.

Internkontrollforskrifta § 4 regulerer innhaldet i internkontrollen:

"Internkontrollen skal tilpassas barneverntjenestens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold og ha det omfang som er nødvendig for å etterleve krav fastsatt i eller i medhold av lov om barneverntjenester."

Kommunens ansvar for internkontroll, og dokumentasjonen av internkontrollen, er nærare presisert i § 4 andre ledd bokstav a – h, jf. § 5.

Krava til styring og kontroll inneber blant anna at kommunen skal avklare ansvarsforhold, oppgåvefordeling og roller. Kommunen skal utarbeide nødvendige rutinar og prosedyrar og sikre at dei tilsette følgjer desse. Vidare skal kommunen sikre at alle tilsette har den kompetansen dei treng for å utføre oppgåvene sine.

Gjennom systematiske risikovurderingar av området, som mellom anna byggjer på erfaringar som tilsette og oppdragstakarar har gjort seg, tilbakemeldingar frå barn, foreldre og samarbeidspartar, kan kommunen innrette styringa slik at tenesta vert i samsvar med regelverket. For å få oversikt over område der det sviktar eller er fare for svikt må kommunen ha eit system for å etterspørje og ta i mot meldingar om uønskte hendingar, og kommunen må systematisk bruke kunnskap og tilbakemeldingar frå eigne tilsette og andre i kvalitetsarbeidet.

Kvalitetssystemet SKK er kjent blant dei tilsette, men dette kvalitetssystemet bidreg i liten grad til styring av arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak. Det er uklart kven som i samband med evaluering av hjelpetiltak har mynde til å bestemme at tiltaket skal halde fram som før. Det kan føre til at evalueringa ikkje vert kvalitetssikra av leiar eller andre og at behov for endringar i tiltak ikkje vert fanga opp. Dei tilsette er i liten grad med på å utarbeide og evaluere prosedyrane som gjeld for det arbeidet dei utfører, og dei skriftlege prosedyrane som ligg i SKK vert i varierende grad nytta i det daglege arbeidet. Prosedyrane seier ikkje korleis oppfølging og evaluering av hjelpetiltak skal skje. Det er derfor i stor grad opp til den enkelte sakshandsamar korleis evaluering av hjelpetiltak vert gjennomført.

Kommunen har sett i gang arbeid med kompetansekartlegging, men har per i dag ingen samla oversikt over kompetansen og vurdering av opplæringsbehovet knytt til arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak. Kommunen har prosedyre og sjekklister for introduksjon av nytilsette, men sikrar verken med dette eller andre styringstiltak at nytilsette/vikarar får nødvendig fagleg opplæring og fagleg støtte.

Styringa med sakshandsamarane sitt arbeid med oppfølging av hjelpetiltak skjer i fagmøte, ved rettleiingsamtalane med barnevernsleiar og elles ved at barnevernsleiarer kvalitetssikrar vedtak (og endringar i vedtak). Barnevernsfaglege vurderingar som vert gjort i samband med oppfølging og evaluering, vert i liten grad dokumenterte. Det gjer det vanskeleg for barn og foreldre å ivareta rettane sine og det gjer tenesta sårbar ved skifte i personale. Det kan føre til at behov for endringar i hjelpetiltak ikkje vert sett og følgt opp raskt nok. Framdrift i arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak og evaluering av hjelpetiltak er ikkje fast tema i teammøte eller rettleiingssamtalane. Ansvar for framdrift i arbeidet med oppfølging og evaluering av hjelpetiltak, ligg i praksis på kvar enkelt sakshandsamar. Sjukefråvær eller andre endringar i arbeidssituasjonen til den enkelte sakshandsamaren, kan dermed føre til at oppfølging og evaluering ikkje skjer i samsvar med dei faglege vurderingane som er gjort.

Kommunen har sett i gang arbeid med ROS-vurderingar for barnevernsområdet, men har per i dag ikkje nokon samla oversikt over risikofaktorar knytt til arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak, til dømes verknadene ved sjukefråvær, bruk av vikarar eller ved utskifting i stillingar. Det kan føre til at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar mot svikt i tenesta i slike situasjonar.

Avvikssystemet er òg ein del av kvalitetssystemet SKK, men rutinane for avviksmelding sikrar ikkje at avvik knytt til arbeidet med oppfølging eller evaluering av hjelpetiltak vert meldt. Slike avvik kan til dømes vere at det ikkje er utarbeidd tiltaksplan, brot på interne evalueringsfristar, at det ikkje er gjennomført samtalar med barnet i evalueringsfasen, eller at det ikkje er gjennomført evaluering av iverksette hjelpetiltak. Dersom dei tilsette ikkje melder avvik knytt til det faglege arbeidet, bidreg ikkje avvikssystemet til å kvalitetssikre arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak. Dei tilsette har ikkje felles forståing for kva som skal meldast som avvik eller kven som skal melde avvik, og rutinane for å melde avvik i dette systemet er ikkje innarbeidde i det daglege arbeidet. Kommuneleiinga etterspør ikkje avvik knytt til oppfølging av hjelpetiltak og har heller ikkje system for å samle og bruke andre tilgjengelege og relevante rapporteringsdata, erfaringar eller tilbakemeldingar som gjeld arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak systematisk i forbetningsarbeidet. Dersom slik informasjon ikkje vert samla og brukt i forbetningsarbeidet, kan det føre til at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar mot svikt i tenesta eller oppnår mogleg forbetring.

Tilsynet viste at internkontrollsystemet i Sogndal kommune ikkje er innretta slik at det sikrar mot svikt i arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak etter barnevernlova. Uklar ansvars plassering, uklare forventningar til utføring av oppgåvene, lite detaljerte skriftlege prosedyrar, lite involvering av dei tilsette ved utarbeiding av skriftlege prosedyrar, ulik praksis kring utføring av oppgåvene og lite dokumentasjon av dei faglege vurderingane som vert gjort, manglande system for fagleg opplæring og fagleg støtte til nyttilsette/vikarar, manglande system for kvalitetssikring av arbeidet med oppfølging og evaluering av hjelpetiltak, manglande kontroll med plan, framdrift og gjennomføring av dette arbeidet og det at leiinga ikkje nyttar all tilgjengeleg informasjon og kunnskap i forbetningsarbeidet, er manglar ved styringa som kan føre til at barn og foreldre ikkje får nødvendig hjelp til rett tid. Risikoen for svikt som følgje av slike manglar ved styringa, aukar ved sjukmeldingar, utskiftingar i personalet og bruk av vikarar.

Summen av slike svikt i styringa som er avdekka ved dette tilsynet, medfører stor risiko for at barn og foreldre som har hjelpetiltak ikkje får den hjelpa dei treng, slik dei etter barnevernlova har krav på.

7. Regelverk

- FNs barnekonvensjon
- Barnevernlova
- Forvaltningslova
- Internkontrollforskrifta

8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som vart send til oss før revisjonen:

- Organisasjonskart
- Verksemdsplan 2013 og 2014
- Årsmelding
- Kontordagar
- Bemanningsplan
- Stillingsomtalar
- Sjekkliste for mottak av nyttilsette
- Oversikt over kompetansetiltak
- Årshjul for rapporteringar
- Ros-analyse
- Oversikt over ulike samhandlingsmøte
- Oversikt over barn som har hjelpetiltak
- Rettleiaren «Barn og unge i fokus»
- Individuell plan. Koordinerande eining.
- Avvik
- Prosedyrar
- HMT

Dokumentasjon som vart gjennomgått under revisjonsbesøket:

- Klientmapper for 20 barn og unge som har hjelpetiltak
- Døme på barnevernsfaglege vurderingar i andre saker
- Perm med notat frå kuratormøte

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen:

- Varsel om tilsyn 27.02.2014
- Oversending av dokumentasjon frå kommunen 20.03.2014
- Program og informasjon om førebuing 27.03.2014
- E-post veksling om program/plan for gjennomføring
- Førebels rapport etter tilsynet 20.05.2014
- Tilbakemelding frå kommunen 16.06.2014

9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som vart intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Bente Kåsa	Barnevernskurator	X	X	X
Ruth Karen Gunvordal	Tiltaksarbeidar	X	X	X
Malene Nordstrand	Barnevernskurator	X		X
Elisa Silden	Barnevernskurator	X		X
Vivian I. Mannsåker	Barnevernskurator	X		X

Agnete Tuften	Barnevernskurator	X		X
Linn K. G. Bøyum	Tiltaksarbeidar	X		
Ingeborg Elvagjeng	Barnevernskurator	X		
Silje Andersen	Barnevernskurator	X		X
Hildur Irene Vattlestad	Konsulent	X		X
Anne Lene Eggum	Barnevernskurator	X	X	X
Anne Vibeke Barkved	Barnevernskurator	X	X	X
Nina Bringedal	Barnevernskurator	X	X	X
Aud Kari Isane	Kommunalsjef		X	X
Lene Borlaug	Barnevernskurator			X
Elin P. Tysse	Nestleiar		X	X
Åshild Nilsen	Barnevernskurator			X
Katharine Kvam	Barnevernleiar		Telefon- intervju	

Frå tilsynsorganet deltok:

Turid Måseide (revisjonsleiar)

Line Pedersen Døsen (revisor)

Gunn Randi Bjørnevoll (revisor)

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dato
25.07.2014

Plan med tiltak for lukking av avvik

Syner til brev, motteke 30.06.2014, der Fylkesmannen ber Sogndal kommune om å utarbeide ein plan for å rette opp avvik avdekka ved tilsyn med Sogn barnevern 23.-28. april 2014.

Planen for tiltak i tenesta framover må innehalde følgjande element;

- Tiltak som vert sett i verk for å rette avviket
- Informasjon om korleis leiinga vil følgje med på og kontrollere at tiltaka er sett i verk
- Informasjon om korleis leiinga vil gå fram for å finne ut om tiltaka har verka som planlagt etter at dei har fått verke ei stund
- Kommunens eigne fristar for å sikre framdrift i arbeidet med å lukke avviket

Sogndal kommune har som målsetjing i planen å sikre forsvarleg oppfølging av hjelpetiltak for utsette barn og unge slik at dei får naudsynt hjelp til rett tid. Dette ser kommunen som ei viktig oppgåve i barnevernstenesta for å unngå at utsette barn og unge, som kan få ein tilfredsstillande omsorgssituasjon i heimen med hjelpetiltak, blir flytta frå heimen og inn i fosterheim eller institusjon.

Tiltak

1. I arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak skal barnevernstenesta alltid utarbeide ein tidsavgrensa tiltaksplan. Vidare skal barnevernstenesta halde seg orientert om korleis det går med barnet og foreldra, vurdere om hjelpetiltaket er tenleg og eventuelt om det er naudsynt med nye tiltak.
2. Leiar godkjenner ikkje vedtak før det føreligg tiltaksplan i saka.
3. Alle tiltaksplanar skal evaluerast i samsvar med lovverket. Tidspunkt for evaluering skal stå i alle tiltaksplanar. Dette skal fastsetjast ut frå kompleksiteten i den enkelte saka. Dersom det er naudsynt å forskyve evalueringa skal dette gjerast ut frå faglege vurderingar som skal dokumenterast i saka.
4. For å sikre barns rett til medverknad skal barnevernstenesta ha som utgangspunkt at ein alltid skal snakka med barn som er gamle nok/modne nok til å uttale seg om sin situasjon, jf. barn sin rett til å bli høyrtd. Desse samtalan skal dokumenterast. I dei tilfella ein ikkje har snakka med barnet skal dette dokumenterast i saka med ei grunngjeving.

5. Ved evaluering av hjelpetiltak skal dette gjerast på forsvarleg vis med utgangspunkt i kompleksiteten i den enkelte sak. Barnevernsfaglege vurderingar skal alltid dokumenterast ved evaluering av hjelpetiltak.
6. Kommunen skal ha intern opplæring for alle som arbeider med oppfølging av hjelpetiltak. Det er utarbeidd ein veileder på dette området (Q-1104 B) som vil vere sentral i den interne opplæringa.
7. Tenesta skal gjennomgå organisatoriske endringar for å sikre felles forståing av god praksis, og for å sikre naudsynt informasjonsflyt internt. Dette inneber at dei to teama saksbehandlarane er inndelt i blir oppløyste, "postmøte" blir avvikla og "rettleiingstimen" for saksbehandlarane ein gong i månaden med barnevernsleiar ikkje blir vidareført. Dette blir erstatta med tre nye team der saksbehandlarane blir fordelt ut frå kompetanse, erfaring og personlege eigenskapar. Det eine teamet består berre av tiltaksarbeidarar. Kvart av teama får ein teamleiar (barnevernsleiar skal ikkje ha denne rolla). Tiltaksarbeidarane skal i utgangspunktet alltid delta på "kuratormøte" når saker dei arbeider med blir drøfta. I tillegg skal barnevernsleiar ha fast "kontormøte" for heile tenesta kvar 14. dag for å nå alle tilsette med viktig informasjon (t.d. kurs, lovendringar m.m.), drøfte problemstillingar på tvers av teama, jobbe systematisk med internkontroll osv. Det skal førast referat frå desse møta, og dei som ikkje er til stades har plikt til å lesa referat i ettertid for å halde seg oppdatert. Rettleiing blir gitt etter behov av barnevernsleiar og nestleiar.
8. Det skal alltid vere to saksbehandlarar i sakene. For å oppnå målet om forsvarleg praksis skal leiar styre dette slik at ein unngår uformelle team som kan etablere sin eigen praksis på sida av dei formelle teama. Det inneber at det ikkje alltid er dei same som skal jobbe parvis. Nytilsette og vikarar skal alltid ha med seg ein erfaren saksbehandlar i starten.
9. Barnevernsleiar eller nestleiar skal alltid vere til stades ved drøftingar der det blir teke avgjerd i samband med oppfølging av hjelpetiltak. Det er leiar som har ansvar for slike avgjerder, ikkje den enkelte saksbehandlar.

Plan for korleis leiinga skal følgje med og kontrollerer tiltaka som er sett i verk

Barnevernsleiar vil følgje dette opp og kontrollere i kuratormøte, kontormøte og elles ved rettleiing til den enkelte saksbehandlar. Leiar har oversikt over saksportefølgje til den enkelte saksbehandlar i fagprogrammet, lister skal skrivast ut kvar månad for å følgje opp arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak.

Kommunalsjef vil følgje med og kontrollere tiltaka som er sett i verk ved fast møte med barnevernsleiar kvar veke der lukking av avviket er eit sentralt tema framover. Rapportering til Fylkesmannen og anna statistikk (fagprogram m.m.) vil vere eit sentralt verkemiddel for å kontrollere tiltaka som er sett i verk.

I tillegg vil det vere halvårige dialogmøter med kommunalsjef, tenesteleiar og barnevernsleiar knytt til dei faglege resultatata i tenesta.

Plan for korleis vil leiinga skal gå fram for å finne ut om tiltaka har verka som planlagt etter at dei har fått verke ei stund

Når det har gått ei tid vil kommunen gjennomføre ein internrevisjon på det området som var gjenstand for tilsyn frå Fylkesmannen.

Arbeidet med etablering av god internkontroll vil vere sentralt i tida framover, jf. krava i internkontrollforskrifta.

Fristar for å sikre framdrift i arbeidet med å lukke avviket

For å lukke avviket er det naudsynt med to tidsperspektiv.

Kommunen har planlagt å ha gjennomført alle tiltaka som er lista opp i planen innan utgangen av 2014.

På lengre sikt planlegg kommunen å lage eit standardisert opplæringsprogram ved tilsetjing av nye medarbeidarar eller vikarar der ein aktivt gir oppfølging i prøvetida for å kvalitetssikre tenesta. Kommunen skal også gjennomføre ein ROS analyse i barnevernstenesta. Det vil og bli føreteke ein revisjon av rutinane i tenesta. Dette er tiltak ein planlegg å gjennomføre innan 01.07.2015.

Med helsing

Aud Kari Isane
kommunalsjef

Hanne S. Veum
barnevernsleiar

Kopi til: Rådmann



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Turid Måseide
Telefon: 57643164
E-post: fmsftbm@fylkesmannen.no

Vår dato
25.06.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/931 - 621
Dykkar referanse

Sogndal kommune
v/rådmannen
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Rapport etter tilsyn med Sogn barnevern

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane viser til tilsyn med Sogn barnevern 23.-28. april 2014. Kommunen har ved brev 16.06.2014 kome med merknader til den førebelse rapporten. Merknaden er teken til følgje.

Vedlagt følgjer endeleg rapport frå tilsynet. Rapporten er offentleg. Kopi av rapporten vert sendt til Statens Helsetilsyn. Den vert også lagt ut på Helsetilsynet og på Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sine nettsider.

Fylkesmannen har ved dette tilsynet berre sett på ein avgrensa del av verksemda til barnevernstenesta. Temaet for tilsynet var oppfølging av hjelpetiltak etter barnevernlova, og kommunen fekk eitt avvik. Fylkesmannen har i rapporten peika på manglar ved styringa som kan føre til at barn og foreldre ikkje får nødvendig hjelp til rett tid. Kommunen bør sjølv gjere seg opp ei meining om kva forhold som påverkar og bidreg til avviket. Ved retting av avviket bør kommunen prøve å finne tiltak som gjev varige løysingar og førebyggjer liknande avvik.

Vi ber om at kommunen utarbeider ein plan for å rette opp avviket, og sender den til oss **innan 25.07.2014**.

Planen for tiltak framover må innehalde desse elementa:

- Tiltak som vert sett i verk for å rette avviket
- Informasjon om korleis leiinga vil følgje med på og kontrollere at tiltaka er sett i verk
- Informasjon om korleis leiinga vil gå fram for å finne ut om tiltaka har verka som planlagt etter at dei har fått verke ei stund
- Kommunens eigne fristar for å sikre framdrift i arbeidet med å lukke avviket

Fylkesmannen vil melde tilbake til kommunen etter at vi har fått planen for lukking av avviket. Vi takkar for godt samarbeid i samband med tilsynet og ønskjer lukke til med forbetningsarbeidet.

Dette brevet og endeleg rapport er elektronisk godkjende dokument utan underskrifter.

Med helsing

Jacob Andersen
fung. avdelingsdirektør

Turid Måseide
seniorrådgjevar

Vedlegg: Endeleg rapport

Kopi med vedlegg til Statens helsetilsyn, postboks 8128 Dep, 0032 Oslo

Regionkontor
Nyselegan 2, 6363 Lelanger
Telefon: 67 64 33 00
Telefaks: 67 66 33 02
Org nr: 674 763 807

Læringsavdelinga
Flarvogen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 67 64 30 00
Telefaks: 67 62 17 77

E-post
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett
www.fylkesmannen.no/sj



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Rapport frå tilsyn med oppfølging av hjelpetiltak

ved

Sogn barnevern

Adressa til verksemda: Sogndal kommune, postboks 153, 6851 Sogndal
Tidsrom for tilsynet: 27.02.2014 – 25.06.2014
Kontaktperson i verksemda: Kommunalsjef Aud Kari Isane

Samandrag

Denne rapporten gjer greie for avviket som vart påpeika innanfor det området som vart revidert. Systemrevisjonen gjaldt oppfølging av hjelpetiltak etter barnevernlova § 4-5, under dette

- Gjennomføring og evaluering av hjelpetiltak
- Barnets rett til medverknad
- Forsvarleg vurdering før avslutting av evalueringa

Kommunen fekk eitt avvik:

Sogndal kommune sikrar ikkje forsvarleg oppfølging av hjelpetiltak

Avvik frå følgjande lovkrav: barnevernlova §§ 1-4, 4-5 og det ulovfesta dokumentasjonskravet, jf. internkontrollforskrifta § 4 første ledd bokstavane a, c, d, e, f, g, h

I denne rapportens kapittel 6 går det nærare fram korleis vi har vurdert kommunens styringssystem.

Dato: 25.06.2014

Turid Måseide
revisjonsleiar

Line Pedersen Døsen
revisor

Endeleg rapport
26.06.2014

Innhald

Samandrag	1
1. Innleiing	3
2. Omtale av verksemda - spesielle forhold	3
3. Gjennomføring	4
4. Kva tilsynet omfatta	4
5. Funn	4
6. Vurdering av styringssystemet i verksemda	6
7. Regelverk	8
8. Dokumentunderlag	9
9. Deltakarar ved tilsynet	9

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon ved Sogn barnevern i perioden 27.02.2014 – 25.06.2014.

Bakgrunnen for tilsynet er opplysningar om at Sogn barnevern i lengre tid har hatt utfordringar knytt til arbeidsmiljøet, sjukmeldingar, utskiftingar i stillingar og ein del bruk av vikarar. Fylkesmannen legg til grunn at slike utfordringane knytt til arbeidsmiljøet er ei ekstra arbeidsbelastning for dei tilsette i tenestene, og at dette saman med sjukmeldingar, utskiftingar i stillingar og bruk av vikarar over tid inneber ein auka risiko for at barnevernet ikkje klarer å ivareta dei lovpålagde oppgåvene sine.

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunale barnevernstenester med heimel i barnevernlova § 2-3 fjerde ledd.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgjevinga gjennom internkontrollen sin. Revisjonen omfatta å undersøkje:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor det temaet tilsynet omfatta
- om tiltaka vert nytta i praksis og fører til nødvendige korrigeringar
- om tiltaka er nok til å sikre at lovkrava vert følgde

Ein systemrevisjon vert gjennomført ved dokumentgjennomgang, intervju og eventuelt andre undersøkingar.

Rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekte under revisjonen og gjev derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** er mangel på oppfylling av krav som er gjeve i eller i medhald av lov eller forskrift
- **Merknad** gjeld ikkje avvik, men forhold som gjer at tilsynet med utgangspunkt i krav gjeve i lov- eller forskriftskrav ser grunn til å peike på forbettringspotensial

2. Omtale av verksemda - spesielle forhold

Sogn barnevern er ei interkommunal barnevernsteneste for kommunane Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal. Sogndal kommune er vertskommune.

Sogn barnevern er det største barnevernkontoret i fylket. I 2013 hadde Sogn barnevern 187 barn i tiltak.

Kommunalsjefen tok til i stillinga 15.01.2014, tenesteleiar var ikkje tilgjengeleg ved tilsynet og ny barnevernsleiar er tilsett frå 01.05.2014.

Tenesta har til saman 11,3 årsverk fordelt på 18 personar. I åtte månader av 2013 var fem sakshandsamarar ute i fødselspermisjon, i år har ein sakshandsamar fødselspermisjon. Ved tilsynet var det fem vikarar (fire årsverk). Som kompenserande tiltak går tenesta med 0,95 årsverk over dei årsverka det er budsjettert med.

Sogn barnevern er delt i to team; eit undersøkingsteam og eit oppfølgingsteam. Begge teama har både undersøking og oppfølging av hjelpetiltak, men oppfølginga ligg primært til oppfølgingsteamet. Sidan temaet for tilsynet var oppfølging av hjelpetiltak, har vi i hovudsak sett på kommunen si styring med oppfølgingsteamet sitt arbeid med oppfølging av hjelpetiltak.

Kommunen har mange ulike møte for styring av barnevernstenesta. Barnevernsleiaren har postmøte ein gong per veke, systemmøte kvar 14. dag og administrasjonsmøte ein gong i månaden. Kommunalsjefen har faste møte med tenesteleiaren kvar veke for oppfølging og informasjon. Det er tenesteleiarmøte i kommunen ein gong i månaden, der også barnevernsleiaren deltek. Rådmannen i Sogndal kommune kallar rådmennene i Balestrand, Leikanger og Luster inn til informasjonsmøte to gongar per år.

Kommunen nyttar fagsystemet Familia til føring av journal.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen har omfatta følgjande aktivitetar:

Revisjonsvarsel vart sendt ut 27.02.2014. Oversikt over dokument som verksemda har sendt over i samband med tilsynet, er gjeve i kapittelet Dokumentunderlag.

Opningsmøte vart halde 23.04.2014.

Intervju

8 personar vart intervjuet.

Oversikt over dokumentasjon som vart gjennomgått under revisjonsbesøket, er gjeve i kapittelet Dokumentunderlag.

Sluttmøte vart halde 28.04.2014.

4. Kva tilsynet omfatta

Temaet for tilsynet var oppfølging av hjelpetiltak etter barnevernlova § 4-5, under dette

- Gjennomføring og evaluering av hjelpetiltak
- Barnets rett til medverknad
- Forsvarleg vurdering før avslutting av evalueringa

5. Funn

Avvik:

Sogndal kommune sikrar ikkje forsvarleg oppfølging av hjelpetiltak

Avvik frå følgjande lovkrav: barnevernlova §§ 1-4, 4-5 og det ulovfesta dokumentasjonskravet, jf. internkontrollforskrifta § 4 første ledd bokstavane a, c, d, e, f, g, h

Avviket byggjer på desse observasjonane gjort ved intervju og dokumentgjennomgang:

- Kommunen har ikkje tiltaksplan for alle barn som har hjelpetiltak. Dei tilsette kjenner til den skriftlege prosedyren som slår fast at tiltaksplan skal føreligge samstundes med vedtaket om hjelpetiltak. I årsmeldinga for 2013 står det at alle barn har tiltaksplan, medan halvårsrapporteringar og avviksmeldingar viser at mange barn manglar tiltaksplan. Mappegjennomgangen viste at tiltaksplanen i fleire saker er utarbeidd ei tid etter at det er gjort vedtak om hjelpetiltak. I nokre saker manglar tiltaksplan heilt
- Kommunen har skriftlege prosedyrar som slår fast at barnevernstenesta «skal følge nøye med på korleis det går med barnet og foreldra og vurdere om hjelpa er tenleg, eventuelt om det er naudsynt med nye tiltak eller om det er grunnlag for omsorgsovertaking». Prosedyren seier ikkje korleis oppfølginga skal skje. Sakshandsamarane bruker tiltaksplanen ulikt og har ulik forståing for kva informasjon tiltaksplanen skal innehalde. Mange tiltaksplanar har generelle mål/delmål som det er vanskeleg å evaluere effekten av tiltaket opp mot. Tiltaksplanen vert ikkje alltid brukt i samband med evalueringa
- Kommunen har skriftlege prosedyrar som slår fast at «Tiltaksplanen skal verte evaluert regelmessig... I forarbeida til bvl § 4-5 vert det nemnt at slik evaluering bør bli gjort som eit minimum kvart kvartal». Det er opp til kvar sakshandsamar å sikre framdrift i sakene. Fleire tiltaksplanar manglar dato for evaluering eller har dato for evaluering meir enn tre månader fram i tid. Det er ikkje dokumentert at evaluering er gjort innanfor dei fristane som er sett
- Sakshandsamarane har ikkje eins praksis for oppfølging av barn og foreldre og evaluering av hjelpetiltak. Det finst ikkje retningslinjer, sjekklister eller liknande for kva opplysningar som er nødvendige og relevante eller kva vurderingar som er nødvendige og tilstrekkelege ved evalueringa. Det er samarbeid mellom sakshandsamar og tiltaksarbeidar i samband med evaluering av hjelpetiltak, men ikkje fast rutine at evaluering skjer i samarbeid mellom tilsette. Det er rom for å drøfte saker i kuratormøte, men det er opp til sakshandsamarane kva saker som vert tekne opp. Kommunen har ikkje rutinar som sikrar at alle avgjerder om at eit hjelpetiltak etter evalueringa skal halde fram som før vert kvalitetssikra av fagleg overordna eller andre. Kvalitetssikring skjer ved at sakshandsamar får rettleiing frå barnevernsleiar ein time ein gong per måned. Det er opp til sakshandsamar å be leiar kvalitetssikre ved evaluering
- Barnevernstenesta dokumenterer sjeldan barnevernsfaglege vurderingar som vert gjort i samband med oppfølging og evaluering av hjelpetiltak. Faktiske opplysningar vert samla til bruk i evalueringa, men det er ikkje fast praksis for at barnevernsfaglege vurderingar vert oppsummerte ved evaluering. Sakshandsamarane har ikkje felles forståing for kva som er barnevernsfaglege vurderingar eller korleis slike vurderingar skal dokumenterast
- Kommunen har skriftlege prosedyrar som slår fast at evalueringa skal dokumenterast i fagprogram. Sakshandsamarane kjenner til skjemaet for evaluering som ligg i Familia, men det vert ikkje brukt av alle, og i dei sakene det er brukt, er det brukt ulikt

- Sakshandsamarane er merksame på kravet om at dei skal snakke med barnet, men det er skjer ikkje alltid i samband med evaluering. Opplysningar om at barnevernstenesta har spurt barnet om korleis hjelpetiltaket fungerer eller kva tilbakemelding barnet har gjeve om dette, vert ikkje dokumentert i alle saker. Ved mappgjennomgangen såg vi at barnevernstenesta har snakka med barnet i 9 av 14 saker der barnet er over 7 år og i to saker der barna er yngre, men det var vanskeleg å sjå om det hadde skjedd som ledd i evalueringa
- Kommunen har samla data til ein kompetanseoversikt, men kommunen har per i dag ingen oversikt som viser vurdert kompetansebehov og ingen kompetanseplan. Tilbod om opplæring er avhengig av kva kommunen får tilbod om og kor mange som kan vere med. Kommunen har skriftleg prosedyre for introduksjon av nyttilsette (kap 3 i perm), men det er ikkje samsvar mellom leiinga si forventning til denne opplæringa og dei tilsette si erfaring med mottak av nyttilsette/vikarar. Næraste overordna er fagleg fadder, men kommunen har inga ordning med at nyttilsette/vikarar har med seg erfaren sakshandsamar den første tida
- Dei tilsette har tilgang til oppdatert regelverk. Nye reglar og presiseringar av regelverket vert det orientert om på fagmøte og går fram av referat frå slike møte, som er samla i ein perm. Kommunen har mange relevante skriftlege prosedyrar i kvalitetssystemet SKK. Dei tilsette er i liten grad med på å utarbeide eller kvalitetssikre dei skriftlege prosedyrane. Leiinga følgjer ikkje med på om prosedyrane og retningslinjene vert brukt og at dei verkar slik dei er tenkt, til dømes ved rapportering frå medarbeidarar, avvikk skjema eller personalmøte
- Kommunen har sett i gang arbeid med ROS-vurderingar for barnevernsområdet. Leiinga og dei tilsette har ulike vurderingar av kvar det er størst fare for svikt i samband med oppfølging av hjelpetiltak. Kommunen har ikkje rutinar som sikrar at rapporteringsdata, erfaringar frå dei tilsette og oppdragstakarar og tilbakemeldingar frå barn, foreldre og samarbeidspartar vert innhenta, samla og brukt i forbetningsarbeidet
- Kommunen har skriftlege prosedyrar for melding av avvik. Dei tilsette kjenner til systemet og har fått opplæring i korleis dei skal melde avvik. Sakshandsamarane melder ikkje sjølve avvik knytt til oppfølging av hjelpetiltak. Dei tilsette har ulik forståing av kva som skal meldast som avvik i samband med oppfølging av hjelpetiltak. Dei tilsette reknar med at det dei munnleg melder om avvik til barnevernsleiar vert teke vidare av barnevernsleiar. Dei tilsette har ikkje kjennskap til korleis leiinga nyttar avviksmeldingane. Avviksrapportering vert ikkje brukt systematisk i forbetningsarbeidet

6. Vurdering av styringssystemet i verksemda

Plikta til å etablere eit styringssystem på barnevernsområdet er regulert i barnevernlova § 2-1 andre ledd og internkontrollforskrifta. Kravet om internkontroll inneber at kommunen skal sikre at lov- og forskriftskrav vert følgt opp gjennom systematisk styring og forbetningsarbeid, jf. forskrifta § 3.

Internkontrollforskrifta § 4 regulerer innhaldet i internkontrollen:

”Internkontrollen skal tilpassas barneverntjenestens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold og ha det omfang som er nødvendig for å etterleve krav fastsatt i eller i medhold av lov om barneverntjenester.”

Kommunens ansvar for internkontroll, og dokumentasjonen av internkontrollen, er nærare presisert i § 4 andre ledd bokstav a – h, jf. § 5.

Krava til styring og kontroll inneber blant anna at kommunen skal avklare ansvarsforhold, oppgåvefordeling og roller. Kommunen skal utarbeide nødvendige rutinar og prosedyrar og sikre at dei tilsette følgjer desse. Vidare skal kommunen sikre at alle tilsette har den kompetansen dei treng for å utføre oppgåvene sine.

Gjennom systematiske risikovurderingar av området, som mellom anna byggjer på erfaringar som tilsette og oppdragstakarar har gjort seg, tilbakemeldingar frå barn, foreldre og samarbeidspartar, kan kommunen innrette styringa slik at tenesta vert i samsvar med regelverket. For å få oversikt over område der det sviktar eller er fare for svikt må kommunen ha eit system for å etterspørje og ta i mot meldingar om uønskte hendingar, og kommunen må systematisk bruke kunnskap og tilbakemeldingar frå eigne tilsette og andre i kvalitetsarbeidet.

Kvalitetssystemet SKK er kjent blant dei tilsette, men dette kvalitetssystemet bidreg i liten grad til styring av arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak. Det er uklart kven som i samband med evaluering av hjelpetiltak har mynde til å bestemme at tiltaket skal halde fram som før. Det kan føre til at evalueringa ikkje vert kvalitetssikra av leiar eller andre og at behov for endringar i tiltak ikkje vert fanga opp. Dei tilsette er i liten grad med på å utarbeide og evaluere prosedyrane som gjeld for det arbeidet dei utfører, og dei skriftlege prosedyrane som ligg i SKK vert i varierende grad nytta i det daglege arbeidet. Prosedyrane seier ikkje korleis oppfølging og evaluering av hjelpetiltak skal skje. Det er derfor i stor grad opp til den enkelte sakshandsamar korleis evaluering av hjelpetiltak vert gjennomført.

Kommunen har sett i gang arbeid med kompetansekartlegging, men har per i dag ingen samla oversikt over kompetansen og vurdering av opplæringsbehovet knytt til arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak. Kommunen har prosedyre og sjekklister for introduksjon av nytilsette, men sikrar verken med dette eller andre styringstiltak at nytilsette/vikarar får nødvendig fagleg opplæring og fagleg støtte.

Styringa med sakshandsamarane sitt arbeid med oppfølging av hjelpetiltak skjer i fagmøte, ved rettleiingsamtalane med barnevernsleiar og elles ved at barnevernsleiaren kvalitetssikrar vedtak (og endringar i vedtak). Barnevernsfaglege vurderingar som vert gjort i samband med oppfølging og evaluering, vert i liten grad dokumenterte. Det gjer det vanskeleg for barn og foreldre å ivareta rettane sine og det gjer tenesta sårbar ved skifte i personale. Det kan føre til at behov for endringar i hjelpetiltak ikkje vert sett og følgt opp raskt nok. Framdrift i arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak og evaluering av hjelpetiltak er ikkje fast tema i teammøte eller rettleiingssamtalane. Ansvar for framdrift i arbeidet med oppfølging og evaluering av hjelpetiltak, ligg i praksis på kvar enkelt sakshandsamar. Sjukefråvær eller andre endringar i arbeidssituasjonen til den enkelte sakshandsamaren, kan dermed føre til at oppfølging og evaluering ikkje skjer i samsvar med dei faglege vurderingane som er gjort.

Kommunen har sett i gang arbeid med ROS-vurderingar for barnevernsområdet, men har per i dag ikkje nokon samla oversikt over risikofaktorar knytt til arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak, til dømes verknadene ved sjukefråvær, bruk av vikarar eller ved utskifting i stillingar. Det kan føre til at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar mot svikt i tenesta i slike situasjonar.

Avvikssystemet er òg ein del av kvalitetssystemet SKK, men rutinane for avviksmelding sikrar ikkje at avvik knytt til arbeidet med oppfølging eller evaluering av hjelpetiltak vert meldt. Slike avvik kan til dømes vere at det ikkje er utarbeidd tiltaksplan, brot på interne evalueringsfristar, at det ikkje er gjennomført samtalar med barnet i evalueringsfasen, eller at det ikkje er gjennomført evaluering av iverksette hjelpetiltak. Dersom dei tilsette ikkje melder avvik knytt til det faglege arbeidet, bidreg ikkje avvikssystemet til å kvalitetssikre arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak. Dei tilsette har ikkje felles forståing for kva som skal meldast som avvik eller kven som skal melde avvik, og rutinane for å melde avvik i dette systemet er ikkje innarbeidde i det daglege arbeidet. Kommuneleiinga etterspør ikkje avvik knytt til oppfølging av hjelpetiltak og har heller ikkje system for å samle og bruke andre tilgjengelege og relevante rapporteringsdata, erfaringar eller tilbakemeldingar som gjeld arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak systematisk i forbetningsarbeidet. Dersom slik informasjon ikkje vert samla og brukt i forbetningsarbeidet, kan det føre til at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar mot svikt i tenesta eller oppnår mogleg forbetring.

Tilsynet viste at internkontrollsystemet i Sogndal kommune ikkje er innretta slik at det sikrar mot svikt i arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak etter barnevernlova. Uklar ansvars plassering, uklare forventningar til utføring av oppgåvene, lite detaljerte skriftlege prosedyrar, lite involvering av dei tilsette ved utarbeiding av skriftlege prosedyrar, ulik praksis kring utføring av oppgåvene og lite dokumentasjon av dei faglege vurderingane som vert gjort, manglande system for fagleg opplæring og fagleg støtte til nyttilsette/vikarar, manglande system for kvalitetssikring av arbeidet med oppfølging og evaluering av hjelpetiltak, manglande kontroll med plan, framdrift og gjennomføring av dette arbeidet og det at leiinga ikkje nyttar all tilgjengeleg informasjon og kunnskap i forbetningsarbeidet, er manglar ved styringa som kan føre til at barn og foreldre ikkje får nødvendig hjelp til rett tid. Risikoen for svikt som følgje av slike manglar ved styringa, aukar ved sjukmeldingar, utskiftingar i personalet og bruk av vikarar.

Summen av slike svikt i styringa som er avdekka ved dette tilsynet, medfører stor risiko for at barn og foreldre som har hjelpetiltak ikkje får den hjelpa dei treng, slik dei etter barnevernlova har krav på.

7. Regelverk

- FNs barnekonvensjon
- Barnevernlova
- Forvaltningslova
- Internkontrollforskrifta

8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som vart send til oss før revisjonen:

- Organisasjonskart
- Verksemdsplan 2013 og 2014
- Årsmelding
- Kontordagar
- Bemanningsplan
- Stillingsomtalar
- Sjekkliste for mottak av nyttilsette
- Oversikt over kompetansetiltak
- Årshjul for rapporteringar
- Ros-analyse
- Oversikt over ulike samhandlingsmøte
- Oversikt over barn som har hjelpetiltak
- Rettleiaren «Barn og unge i fokus»
- Individuell plan. Koordinerande eining.
- Avvik
- Prosedyrar
- HMT

Dokumentasjon som vart gjennomgått under revisjonsbesøket:

- Klientmapper for 20 barn og unge som har hjelpetiltak
- Døme på barnevernsfaglege vurderingar i andre saker
- Perm med notat frå kuratormøte

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen:

- Varsel om tilsyn 27.02.2014
- Oversending av dokumentasjon frå kommunen 20.03.2014
- Program og informasjon om førebuing 27.03.2014
- E-post veksling om program/plan for gjennomføring
- Førebels rapport etter tilsynet 20.05.2014
- Tilbakemelding frå kommunen 16.06.2014

9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som vart intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Bente Kåsa	Barnevernskurator	X	X	X
Ruth Karen Gunvordal	Tiltaksarbeidar	X	X	X
Malene Nordstrand	Barnevernskurator	X		X
Elisa Silden	Barnevernskurator	X		X
Vivian I. Mannsåker	Barnevernskurator	X		X

Agnete Tuften	Barnevernskurator	X		X
Linn K. G. Bøyum	Tiltaksarbeidar	X		
Ingeborg Elvagjeng	Barnevernskurator	X		
Silje Andersen	Barnevernskurator	X		X
Hildur Irene Vattlestad	Konsulent	X		X
Anne Lene Eggum	Barnevernskurator	X	X	X
Anne Vibeke Barkved	Barnevernskurator	X	X	X
Nina Bringedal	Barnevernskurator	X	X	X
Aud Kari Isane	Kommunalsjef		X	X
Lene Borlaug	Barnevernskurator			X
Elin P. Tysse	Nestleiar		X	X
Åshild Nilsen	Barnevernskurator			X
Katharine Kvam	Barnevernleiar		Telefon- intervju	

Frå tilsynsorganet deltok:

Turid Måseide (revisjonsleiar)

Line Pedersen Døsen (revisor)

Gunn Randi Bjørnevoll (revisor)

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dato
25.07.2014

Plan med tiltak for lukking av avvik

Syner til brev, motteke 30.06.2014, der Fylkesmannen ber Sogndal kommune om å utarbeide ein plan for å rette opp avvik avdekka ved tilsyn med Sogn barnevern 23.-28. april 2014.

Planen for tiltak i tenesta framover må innehalde følgjande element;

- Tiltak som vert sett i verk for å rette avviket
- Informasjon om korleis leiinga vil følgje med på og kontrollere at tiltaka er sett i verk
- Informasjon om korleis leiinga vil gå fram for å finne ut om tiltaka har verka som planlagt etter at dei har fått verke ei stund
- Kommunens egne fristar for å sikre framdrift i arbeidet med å lukke avviket

Sogndal kommune har som målsetjing i planen å sikre forsvarleg oppfølging av hjelpetiltak for utsette barn og unge slik at dei får naudsynt hjelp til rett tid. Dette ser kommunen som ei viktig oppgåve i barnevernstenesta for å unngå at utsette barn og unge, som kan få ein tilfredsstillande omsorgssituasjon i heimen med hjelpetiltak, blir flytta frå heimen og inn i fosterheim eller institusjon.

Tiltak

1. I arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak skal barnevernstenesta alltid utarbeide ein tidsavgrensa tiltaksplan. Vidare skal barnevernstenesta halde seg orientert om korleis det går med barnet og foreldra, vurdere om hjelpetiltaket er tenleg og eventuelt om det er naudsynt med nye tiltak.
2. Leiar godkjenner ikkje vedtak før det forelegg tiltaksplan i saka.
3. Alle tiltaksplanar skal evaluerast i samsvar med lovverket. Tidspunkt for evaluering skal stå i alle tiltaksplanar. Dette skal fastsetjast ut frå kompleksiteten i den enkelte saka. Dersom det er naudsynt å forskyve evalueringa skal dette gjerast ut frå faglege vurderingar som skal dokumenterast i saka.
4. For å sikre barns rett til medverknad skal barnevernstenesta ha som utgangspunkt at ein alltid skal snakka med barn som er gamle nok/modne nok til å uttale seg om sin situasjon, jf. barn sin rett til å bli høyrte. Desse samtalanene skal dokumenterast. I dei tilfella ein ikkje har snakka med barnet skal dette dokumenterast i saka med ei grunngeving.

5. Ved evaluering av hjelpetiltak skal dette gjerast på forsvarleg vis med utgangspunkt i kompleksiteten i den enkelte sak. Barnevernsfaglege vurderingar skal alltid dokumenterast ved evaluering av hjelpetiltak.
6. Kommunen skal ha intern opplæring for alle som arbeider med oppfølging av hjelpetiltak. Det er utarbeidd ein veileder på dette området (Q-1104 B) som vil vere sentral i den interne opplæringa.
7. Tenesta skal gjennomgå organisatoriske endringar for å sikre felles forståing av god praksis, og for å sikre naudsynt informasjonsflyt internt. Dette inneber at dei to teama saksbehandlarane er inndelt i blir oppløyse, "postmøte" blir avvikla og "rettleiingstimen" for saksbehandlarane ein gong i månaden med barnevernsleiar ikkje blir vidareført. Dette blir erstatta med tre nye team der saksbehandlarane blir fordelt ut frå kompetanse, erfaring og personlege eigenskapar. Det eine teamet består berre av tiltaksarbeidarar. Kvart av teama får ein teamleiar (barnevernsleiar skal ikkje ha denne rolla). Tiltaksarbeidarane skal i utgangspunktet alltid delta på "kuratormøte" når saker dei arbeider med blir drøfta. I tillegg skal barnevernsleiar ha fast "kontormøte" for heile tenesta kvar 14. dag for å nå alle tilsette med viktig informasjon (t.d. kurs, lovendringar m.m.), drøfte problemstillingar på tvers av teama, jobbe systematisk med internkontroll osv. Det skal førast referat frå desse møta, og dei som ikkje er til stades har plikt til å lesa referat i ettertid for å halde seg oppdatert. Rettleiing blir gitt etter behov av barnevernsleiar og nestleiar.
8. Det skal alltid vere to saksbehandlarar i sakene. For å oppnå målet om forsvarleg praksis skal leiar styre dette slik at ein unngår uformelle team som kan etablere sin eigen praksis på sida av dei formelle teama. Det inneber at det ikkje alltid er dei same som skal jobbe parvis. Nytilsette og vikarar skal alltid ha med seg ein erfaren saksbehandlar i starten.
9. Barnevernsleiar eller nestleiar skal alltid vere til stades ved drøftingar der det blir teke avgjerd i samband med oppfølging av hjelpetiltak. Det er leiar som har ansvar for slike avgjerder, ikkje den enkelte saksbehandlar.

Plan for korleis leiinga skal følgje med og kontrollerer tiltaka som er sett i verk

Barnevernsleiar vil følgje dette opp og kontrollere i kuratormøte, kontormøte og elles ved rettleiing til den enkelte saksbehandlar. Leiar har oversikt over saksportefølgje til den enkelte saksbehandlar i fagprogrammet, lister skal skrivast ut kvar månad for å følgje opp arbeidet med oppfølging av hjelpetiltak.

Kommunalsjef vil følgje med og kontrollere tiltaka som er sett i verk ved fast møte med barnevernsleiar kvar veke der lukking av avviket er eit sentralt tema framover. Rapportering til Fylkesmannen og anna statistikk (fagprogram m.m.) vil vere eit sentralt verkemiddel for å kontrollere tiltaka som er sett i verk.

I tillegg vil det vere halvårige dialogmøter med kommunalsjef, tenesteleiar og barnevernsleiar knytt til dei faglege resultatata i tenesta.

Plan for korleis vil leiinga skal gå fram for å finne ut om tiltaka har verka som planlagt etter at dei har fått verke ei stund

Når det har gått ei tid vil kommunen gjennomføre ein internrevisjon på det området som var gjenstand for tilsyn frå Fylkesmannen.

Arbeidet med etablering av god internkontroll vil vere sentralt i tida framover, jf. krava i internkontrollforskrifta.

Fristar for å sikre framdrift i arbeidet med å lukke avviket

For å lukke avviket er det naudsynt med to tidsperspektiv.

Kommunen har planlagt å ha gjennomført alle tiltaka som er lista opp i planen innan utgangen av 2014.

På lengre sikt planlegg kommunen å lage eit standardisert opplæringsprogram ved tilsetjing av nye medarbeidarar eller vikarar der ein aktivt gir oppfølging i prøvetida for å kvalitetssikre tenesta. Kommunen skal også gjennomføre ein ROS analyse i barnevernstenesta. Det vil og bli føreteke ein revisjon av rutinane i tenesta. Dette er tiltak ein planlegg å gjennomføre innan 01.07.2015.

Med helsing

Aud Kari Isane
kommunalsjef

Hanne S. Veum
barnevernsleiar

Kopi til: Rådmann

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dato
21.08.2014

Tillegg til innsendt plan for lukking av avvik

Syner til tidlegare innsendt plan for lukking av avviket som vart avdekka etter tilsyn med Sogn barnevern 23.-28. april 2014. Fylkesmannen har i e-post 5. august bedt Sogndal kommune om å lage eit nytt utkast til plan for lukking av avviket der kommunen er meir konkret og detaljert i forhold til tiltaka.

Konkretisering av planlagde tiltak for å sikre forsvarleg oppfølging og evaluering av hjelpetiltak:

1. Tenesta skal evaluere og utarbeide nye prosedyrar/rutinar som er nødvendige for å sikre forsvarleg oppfølging av hjelpetiltak.

I tillegg vil tenesta evaluere og utarbeide nye prosedyrar/rutinar for opplæring av nyttilsette og vikarar, dokumentasjon av barnevernsfaglege vurderingar og avvikshandtering.

- Dette skal gjerast innan utgongen av januar 2015.
- Barnevernsleiar har ansvaret for å utføre dette arbeidet og skal involvere dei tilsette for å sikre at nye prosedyrar/rutinar blir implementert i tenesta.

2. Tenesta skal ha opplæring for dei tilsette for å sikre felles forståing av kva forsvarleg internkontroll inneber.

- Dette skal gjerast i november/ desember 2015 der ein leiger inn ekstern kompetanse til å halde seminar om internkontroll.
- Barnevernsleiar har ansvar for tiltaket.

3. Sogndal kommune har eit eige elektronisk kvalitetssystem som alle tilsette skal kjenne til og bruke. Kontormøte skal vere ein arena der dei tilsette blir involverte i og tek i bruk internkontrollsystemet i praksis.

Leiar og tilsette skal ha fokus på om prosedyrar/rutinar blir følgde i praksis, vurdere om dei har ønska effekt, sjekke ut om tenesta oppnår måla ein har med rutinane/prosedyrane og vurdere om det er behov for å oppdatere eller lage nye rutinar.

Avvikshandtering skal resultere i kontinuerlig læring ved t.d. gjennomgang av klager, fristbrot, saksbehandlingsfeil, uønska hendingar og drøfting av eigne erfaringar og tilbakemeldingar frå foreldre/barn/andre.

Internkontroll blir fast tema på kontormøte kvar 14. dag.

Ved avdekking av feil/avvik skal dette formidlast til barnevernsleiar som rapporterer vidare til kommuneleiinga.

- Dette tiltaket skal vare kontinuerlig og blir innført frå 1. september 2014.
- Barnevernsleiar har ansvar for tiltaket internt i tenesta, kommuneleiinga har det overordna ansvaret i forhold til internkontroll i kommunen.

Sogndal kommune viser elles til tidlegare innsendt plan der det er skildra korleis leiinga skal følge med og kontrollere tiltaka som er sett i verk, korleis leiinga skal gå fram for å finne ut om tiltaka har verka som planlagt etter å ha fungert ei tid og fristar for å sikre framdrift i arbeidet med å lukke avviket.

Sogn barnevern har for tida ein krevjande situasjon der tenesta, i tillegg til å rette opp avviket etter tilsynet frå Fylkesmannen, også skal handtere pålegg frå Arbeidstilsynet i samband med ein alvorleg arbeidskonflikt internt i tenesta. Sogndal kommune ber difor om forståing for at ein treng noko meir tid enn normalt for å lukke avviket. Det er krevjande med parallelle prosessar der tilsette, barnevernsleiar og kommuneleiinga skal involverast i lukking av avvik på to ulike område.

Med helsing

Aud Kari Isane
kommunalsjef

Hanne Veum
leiar Sogn barnevern

Kopi til: Rådmann

Dette svaret må leggest på sak i ESA

Vennleg helsing

Aud Kari Isane
Kommunalsjef oppvekst og kultur
Sogndal kommune
97594200/57629615
aud.kari.isane@sogndal.kommune.no

----- Videresendt av Aud Kari Isane/Sogndal kommune den 09.09.2014 18:14

Fra: "Måseide, Turid" <fmsfTBM@fylkesmannen.no>
Til: "Aud.Kari.Isane@sogndal.kommune.no"
<Aud.Kari.Isane@sogndal.kommune.no>
Dato: 05.08.2014 09:48
Emne: SV: Tilsyn Sogn barnevern svar

Hei!

Vi har gått gjennom planen med tanke på om den klar nok og detaljert nok til at vi kan godta dette som kommunens plan for lukking av avviket. Slik vi forstår planen går den dels ut på at de vil gjennomføre organisatoriske endringar for å sikre felles forståing av god praksis og nødvendig informasjonsflyt internt (punkt 7), dels at de har sett dykk nokre mål (som går fram i dei andre punkta). De skriv at de vil gjennomføre alle tiltaka som er lista opp i planen innan utgongen av 2014. I tillegg til dette vil de lage eit standardisert opplæringsprogram for nytilsette og vikarar, gjennomføre ROS-analyse for barnevernstenesta og revisjon av rutinane i tenesta før 01.07.2015. Leiinga vil i faste møte følgje med og kontrollere om tiltaka vert gjennomført og verkar slik de har tenkt. Kommunen vil etter ei tid gjennomføre ein internrevisjon på det området som var tema for tilsynet frå Fylkesmannen.

Det er vår vurdering at planen ikkje godt nok skildrar tiltak som vert sett i verk for å rette avviket. Organisatoriske endringar som nemnt i punkt 7 vil ikkje i seg sjølv sikre felles forståing av god praksis eller nødvendig informasjonsflyt internt, og tiltaka i dei andre punkta er formulerte som mål, utan at det går fram kva de har tenkt å gjere for å sikre at verksemda til ei kvar tid er i samsvar med desse måla. Vi ber derfor om at de konkretiserer planen med omsyn til kva aktivitetar de har tenkt å gjennomføre for å nå dei måla de har sett dykk, og kva tidsfristar som må gjelde for at de skal få internkontrollen på plass så raskt som mogleg for

dei forholda vi har peika på ved tilsynet. De bør som eit ledd i arbeidet med å rette avviket gå gjennom alle prosedyrar/rutinar som er nødvendige for å sikre forsvarleg oppfølging av hjelpetiltak (òg rutinar som ikkje berre vil gjelde ved oppfølging av hjelpetiltak, som til dømes rutinar for

opplæring av nyttilsette og vikarar, dokumentasjon av barnevernsfaglege vurderingar og avvikshandtering). På bakgrunn av rutinegjennomgangen, bør de vurdere og følgje opp behovet for endring i skriftlege rutinar og andre

styringsdokument som er relevante for å sikre endring av praksis i samsvar

med det de har sett dykk som mål. Det bør gå fram av planen kven som skal drøfte, ta avgjerder om eller utføre kva, med fristar for dette.

Vi ber om at de innan 18.08.2014 sender oss eit nytt utkast til plan for lukking av avviket.

Turid Måseide
Seniorrådgjevar
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Telefon 57 64 31 64

Fra: Aud.Kari.Isane@sogndal.kommune.no [
mailto:Aud.Kari.Isane@sogndal.kommune.no]
Sendt: 28. juli 2014 09:16
Til: Måseide, Turid
Emne: Tilsyn Sogn barnevern svar

Hei Turid!

Sidan eg ikkje heilt stolar på teknologien så sender eg dette også til deg.

Det blei sendt elektronisk på fredag.

Ha ein fortsatt strålende sommar.

Vennleg helsing

Aud Kari Isane
Kommunalsjef oppvekst og kultur
Sogndal kommune
97594200/57629615
aud.kari.isane@sogndal.kommune.no



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Gunn Randi Bjørnevoll
Telefon: 57643183
E-post: fmsfgrb@fylkesmannen.no

Sogndal kommune
Postboks 153
6851 Sogndal

Vår dato	24.10.2014	Vår referanse	2013/1109 - 621
Dykkar dato	22.09.2014	Dykkar referanse	11 20AUDA SA
19/09/14		18054/14	
24 OKT 2014			
Ark kode P	F40		
Ark kode S	258		
Klassifisering			

Tilbakemelding på kommunens svar

Vi viser til tidlegare korrespondanse som gjeld fristbrot i barnevernstenesta, sist til kommunen sitt brev datert 22.09.2014. I brevet gjer de greie for årsaka til fristbrota i barnevernstenesta og manglande tiltaksplanar. Vidare går det fram kva rutinar de har innført for å halde undersøkingfristane og utarbeide tiltaksplanar, og arbeidet med å profesjonalisere tilsynet med barn i fosterheim.

I arbeidet for kvalitetsforbetring vert ofte Demings sirkel brukt som modell. Demings sirkel er inndelt i fire fasar: 1) planlegging, 2) utføring, 3) kontroll og 4) korrigering. Vi vurderer at dei tiltaka de har gjort greie for, viser korleis de vill innrette verksemda for at tenesta skal vere i samsvar med lover og forskrifter når det gjeld undersøkingar og tiltaksplanar (planlegging). Det går ikkje fram om tiltaka som er i verksett har hatt verknader for måten de arbeider på (kontroll). Det er grunn til å tru at tiltaka må verke ei stund, før de kan sjå om tiltaka har ført til endringar i arbeidsmåten.

Fylkesmannen vil understreke at kommunen må sikre kontroll og evaluering av tenesta slik at de fangar opp eventuelle svikt i rutiane. De må og sikre justering og korrigering slik at tenesta vert drive i samsvar med lover og forskrifter.

Av barnevernsleiar har vi fått opplyst at de jobbar med å oppdatere rutiane dykkar.

Rutineskildringar skal vere eit arbeidsverktøy. Formålet med slike skriftlege rutinar, er at dei skal bidra til å sikre at verksemda er i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Omfanget av skriftlege rutinar skal vere tilpassa kommunens behov. Om det vert for mange skriftlege rutinar, vert systemet lett uoversiktleg. Det vert òg unødig ressurskrevjande å sikre etterleving, evaluering og forbetring av rutiane. Det er dei tilsette i tenesta som er nærast til å vurdere behovet for skriftlege rutinar, innhald og utforming, men innhaldet i dei skriftlege rutiane må vere i samsvar med lover og forskrifter.

Fylkesmannen vil presisere at kommunen må sørgje for at det systematiske arbeidet med internkontroll held fram, jf. internkontrollforskrifta for det kommunale barnevernet §§ 3 og 4. Kommunen må og sikre forsvarleg drift av tenesta uavhengig av personalsituasjonen.

Med helsing

Hanne Sæbø
seksjonsleiar

Gunn Randi Bjørnevoll
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Le kanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Kopi til
Sogn barnevern

Postboks 153

6851 Sogndal



Arbeidstilsynet

12.11.2014
DYKKAR DATO

2013/38556
DYKKAR REFERANSE

12

VÅR SAKSBEHANDLAR
Oddvar Mikalsen, tlf. 95816314

SOGNDAL KOMMUNE
Postboks 153
6851 SOGNDAL

14/975 12 20 ADDISA
26915/14

F40
258

Tilsyn Sogn barnevern

Vi kan ikkje sjå at vi har fått tilbakemelding frå dykk.

Ta kontakt om noko er uklårt

Vi ber om at du oppgir referansenummeret vårt 2013/38556 når du svarer.

Med helsing
Arbeidstilsynet

Rune Joar Ravnstad
tilsynsleder
(sign.)

Oddvar Mikalsen
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.



001000281413

3#295.4fc10c39-f314-431f-af5b-8a6fd737f95.63

653459-2-2

POSTADRESSE
Postboks 4720 Sluppen
7468 Trondheim
Noreg

E-POST
post@arbeidstilsynet.no
INTERNETT
www.arbeidstilsynet.no

TELEFON
815 48 222
TELEFAKS
73 19 97 01

ORGANISASJONSNR
974761211



Arbeidstilsynet

10.12.2014
DYKKAR DATO

2013/38556
DYKKAR REFERANSE

VAR SAKSBEHANDLAR
Oddvar Mikalsen, tlf. 95816314

SOGNDAL KOMMUNE
Postboks 153
6851 SOGNDAL

SOGNDAL KOMMUNE		SENTERALRPIVET	
14/975	14	20 AUGUST	
		37411/14	
15 DES 2014			
ARKIV NR	F 40		
ARKIV NR	858		
FAKSELISTE			

Tilsyn - BARNEVERN

Vi viser til tilsynet hos verksemda den 10.01.2014.

Arbeidstilsynet viser til tilbakemelding frå Sogndal kommune den 01.12.2014, ref. 14/975-13.

I tilbakemeldinga går det fram at det er ei vanskeleg og tidkrevjande sak, og kommunen beklagar at dei enno ikkje kan seie at dei kan lukke avviket frå Arbeidstilsynet den 01.12.2014.

Kommentar frå Arbeidstilsynet:

I denne og tidlegare tilbakemeldingar går det tydeleg fram at kommunen arbeider målretta med å betre arbeidsmiljøet for dei tilsette ved barnevernet i Sogndal og at arbeidsmiljøet har høg prioritet framover. Vi viser til tiltak som kommunen har gjennomført samt planlagte tiltak framover og ein oppdatert plan som skal vere ferdig seinast den 01.02.2014.

Vi ser at kommunen vil prioritere arbeidsmiljøet ved barnevernet framover og saka blir derfor avlutta frå Arbeidstilsynet si side.

Oppfylte pålegg

Pålegg - Konflikhtar – handtering og tiltak

I tilbakemeldinga vart det gjort greie for kva tiltak verksemda har utført.

På bakgrunn av opplysningane ser Arbeidstilsynet kravet som oppfylt.

Informasjon til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet, jf. arbeidsmiljølova §§ 6-2 sjette ledd og 18-6 åttande ledd. Vi har sendt ein eigen kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, skal arbeidsgivaren gi kopien til representanten for dei tilsette.

POSTADRESSE
Postboks 4720 Sluppen
7468 Trondheim
Noreg

E-POST
post@arbeidstilsynet.no
INTERNETT
www.arbeidstilsynet.no

TELEFON
815 48 222
TELEFAKS
73 19 97 01

ORGANISASJONSNR
974761211

001000679326

3#301.41c10c38-f314.431f.455.8b6d4737795 69

690375 - 2 - 2

**Har de behov for meir informasjon?**

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og om regelverket på www.arbeidstilsynet.no og www.regelhjelp.no. De kan også kontakte oss på telefon 815 48 222. Dersom de har spørsmål til saka, kontakt sakshandsamaren, oppgi referansennummeret 2013/38556.

Med helsing
Arbeidstilsynet

Rune Joar Ravnestad
tilsynsleder
(sign.)

Oddvar Mikalsen
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:
Virksomhetens verneombod/hovudverneombod
BARNEVERN, Postboks 153, 6851 SOGNDAL

Sakshandsamar:
Hanne Veum
Tlf: 57 62 97 31
Mobil: 99 28 61 50
Vår ref.
14/975-15
Arkiv
F40 & 58
Dykkar ref.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Dato
25.03.2015


Ikkje offentleg offl. §13

**TILBAKEMELDING SOM GJELD DEN INTERNE SITUASJONEN I SOGN
BARNEVERN ETTER TILTAK SETT I VERK FOR Å LUKKE AVVIK**

Fylkesmannen har, etter gjennomført tilsyn 23.-28- april 2014, konkludert med at Sogndal kommune ikkje sikrar forsvarleg oppfølging av hjelpetiltak. Sogn barnevern har utarbeida ein plan for å lukke avviket, og har i tida som har gått etter tilsynet gjennomført tiltak for å lukke avviket.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er kjent med at det har vore fleire og store utfordringar internt i den interkommunale barnevernstenesta Sogn barnevern. Fylkesmannen varsla eigeninitiert systemrevisjon i Sogn barnevern på same tid som rapport etter tilsyn utført av Arbeidstilsynet vart offentleggjort.

Den interne situasjonen i Sogn barnevern i perioden 01.05.2014 til d.d.



3#303.4tc10c38-f314-431f-af55-6b56d737785.71

Sogn barnevern opplever at det undervegs har oppstått utfordringar fagleg når tenesta har endra kurs i forhold til tidlegare praksis som i stor grad var prega av den alvorlige interne arbeidskonflikten i tenesta. Sogn barnevern var i praksis to parallelle barnevernstenester, og i hovudsak var tenesta inndelt i to team ut frå kor den enkelte sto i arbeidskonflikten. Dette går også fram i delar av Fylkesmannen sin rapport etter tilsynet i 2014. To-delinga av tenesta gjorde seg gjeldande i forhold til faglege vurderingar og avgjerder. Det har vore naudsynt å gjennomføre relativt store organisatoriske endringar for å få ei teneste der faglege vurderingar og avgjerder blir drøfta på eit breitt nok grunnlag. Dette er gjort for å stette kravet om å drive ei forsvarleg teneste.

Fylkesmannen er varsla om at tenesta er i gang med ein intern «ryddejobb» for å kvalitetssikre at både vurderingar og avgjerder i sakene blir gjort på breitt nok grunnlag. Tenesta har i samband med dette funne det naudsynt å gjere endringar i ei enkeltsak der det etter vår vurdering er utført saksbehandlingsfeil. Fylkesmannen har opna tilsynssak etter endringa i saka som utløyste klage. Sogn barnevern har fått kritikk frå Fylkesmannen i denne saka, både i forhold til tidlegare og nyare saksbehandling. Tenesta skal ta saka opp til ny behandling og gjere ei grundig fagleg vurdering på nytt ut frå det Fylkesmannen har påpeika i tilsynssaka.

Dette er inga unnskyldning, men det er ei forklaring i forhold til kvifor sviketen oppsto. Her har Fylkesmannen også gitt tenesta kritikk. Denne kritikken skal tenesta ta til etterretning ved å bruke erfaringane direkte i vår internkontroll for å unngå at dette skjer på nytt. Tenesta består av dyktige fagpersonar som både ønskjer og er i stand til å gjere ein god jobb. Det som skjedde

Tenesta får mange gode tilbakemeldingar frå samarbeidsinstansar og fosterforeldre, og bildet blir heldigvis meir nyansert etter at BUP Førde nyleg uttalte at dei vurderer Sogn barnevern som den beste barnevernstenesta i fylket når det gjeld oppfølging av fosterheimar. Dette betyr ekstra mykje sidan BUP Førde er ein instans med høg kompetanse på sitt felt.

Sogn barnevern har inntrykk av at det blir opna tilsynssak i alle saker der det blir framsett klage. Tenesta har sjølv sagt forståing for tilsynsmyndigheitene si rolle, og at det også i ein omstillingsprosess er viktig at Fylkesmannen har fokus på tilsynsheimelen for å ivareta rettane til barn og foreldre som har krav på hjelp frå både kommunal og statleg barnevernsteneste. Sogn barnevern saknar likevel direkte kontakt frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i større grad for å få ei avklaring på om det er grunnlag for å opne tilsynssak. Ingen av klagene kjem frå privat part, alle kjem frå oppdragstakarar som ikkje er part i dei aktuelle sakene. Det er eit faktum at Sogn barnevern tidlegare har hatt for dårleg styring i forhold til kvalitet og pris på tiltak utført av private tenesteytarar, dette er truleg også ein indirekte konsekvens av arbeidskonflikten i tenesta.

Tiltak som er sett i verk internt i tenesta for å lukke avviket etter tilsynet

Tenesta har hatt knappe ressursar. Tilsette i full stilling har hatt opp mot dobbel saksmengd i lange periodar når det har vore inne mange vikarar, og det har ikkje vore mogleg å få tak i folk som var i stand til å fylle stillingane godt nok i sjukevikariata. Dette har diverre medført mange fristbrot i 2014. Situasjonen betra seg til normale tilstandar ved nyttår, men det er fortsatt relativt knapt med ressursar i tenesta. Den

knappe ressursituasjonen på saksbehandlarsida er meldt oppover i systemet i vertskommunen Sogndal - og i tillegg til rådmennene i dei andre kommunane Sogn barnevern består av. Det siste året har ein internt hatt fokus på korleis ein kan jobbe meir effektivt for å unngå fristbrot, og korleis ein skal unngå feilregistreringar i fagsystemet. Eit tiltak for å frigjere ressursar har vore å halvvere tal kontordagar kontaktpersonane - dvs. faste saksbehandlarar for kvar kommune - har lokalt i kommunane Luster, Leikanger og Balestrand. I tillegg har Sogn barnevern funne det naudsynt å avvike tiltaket «Ferieklubben», som er eit dagtilbod med ulike fritidsaktivitetar i sommarferien, som utsette barn har hatt tilbod om som eit hjelpetiltak frå barnevernstenesta.

Det er utført mykje godt arbeid internt i Sogn barnevern i samband med pålegget frå Arbeidstilsynet. Mykje av det som er gjort her har stor relevans for korleis tenesta fungerer både fagleg og organisatorisk. Viser til *internt notat* av 15.01.2015, om det vidare arbeidet med arbeidsmiljøet i Sogn barnevern, som er vedlagt.

Når det gjeld rutinar og prosedyrar for å sikre forsvarleg oppfølging av hjelpetiltak har tenesta gode skriftlege rutinar på dette området, det er ikkje behov for fleire rutinar. Det er dei seinare åra gjort ei stort og grundig arbeid på dette området. Det er snarare behov for å avgrense kor mange rutinar dei tilsette skal forhalde seg til for å sikre at dei faktisk blir brukte, for mange rutinar utgjer ein fare for at dei ikkje blir brukte.


Vidare er følgjande tiltak i planen gjennomført i Sogn barnevern for å oppnå målet om å lukke avviket:

- ♦ Intern opplæring er gjennomført i to omgangar i fagsystemet Familia, med til saman fire kursdagar, med hovudfokus på tiltaksplanar. Dette er ei opplæring tenesta ser som naudsynt å fortsette med fast to gonger i året for å sikre rett registrering på fagsystemet Familia. Det har fram til nyttår 2015 vore svært mange feilregistreringar på fagsystemet grunna for dårleg kunnskap om fagsystemet hjå mange av dei tilsette. Dette medfører at tenesta feilaktig rapporterer om fristbrot sidan aktivitetane ikkje blir registrerte på rett måte i fagsystemet. Slike feilregistreringar gjeld i stor grad arbeidet med tiltaksplanar.
- ♦ Internt seminar hausten 2014 der tenesta systematisk gjekk igjennom rettleiar Q-1104B som omfattar arbeid med tiltaksplanar. Dette var eit tiltak som fekk så gode tilbakemeldingar at tenesta vil halde fleire slike seminar for saksbehandlarane med jamne mellomrom.
- ♦ Det vart hausten 2014 gjennomført gjennomgang og opplæring i internkontrollforskrifta, med fokus på kvifor det er viktig å ha internkontroll. Døme er «Demings sirkel» som utgangspunkt for å skape felles forståing av kvifor ein må ha internkontroll. Dette punktet er tenesta ikkje heilt ferdig med sidan det ikkje har lukkast å få tak i ekstern føredragshaldar til eit planlagt seminar om internkontroll. Dette er relativt tungt stoff som kan vere vanskeleg tilgjengeleg for enkelte. Det er viktig at det blir formidla av nokon som kan det godt, og som kan bidra med gode eksempel relatert til dei manglane i tenesta som vart avdekka under tilsynet frå Fylkesmannen. Det blir jobba vidare med å få i stand seminar med ekstern føredragshaldar.
- ♦ Det er gjennomført ei mellombels intern omorganisering av tenesta for å få betre oversikt og kontroll i sakene. Planen er at omorganiseringa skal bli permanent når prosessen, som involverer drøftingar med dei tilsette og fagorganisasjonane, er ferdig i løpet av april 2015. Omorganiseringa inneber at nestleiarstillinga blir borte, og at denne blir erstatta med faste teamleiarar for to saksbehandlarteam og eitt tiltaksteam.
- ♦ Tenesta fekk frå august/september 2014 på plass tre erfare tilsette som tok på seg oppgåva som teamleiarar. Teamleiarane er tett på alle saker i sitt team i forhold til fristar m.m. Dei har fast møte med barnevernsteiar annakvår veka der klientlister for den enkelte saksbehandlar, og i tillegg alle nøkkeltal med mellom anna fristar, blir gjennomgått for å sjå på status i sakene. Kontroll av oppfølging og evaluering av hjelpetiltak er ein del av dette.

- ♦ Barnevernsleiar rapporterer direkte til kommunalsjef i fast møte kvar veke. Ein gong i månaden blir det gitt rapport med utgangspunkt i nøkkeltal frå fagsystemet og eventuelle fristbrot. Det er frå nyttår 2015 innført ny rutine der barnevernsleiar kvartalsvis skal gje rapport, til alle kommunane i Sogn barnevern v/kommunalsjefane, i forhold til fristar og anna relevant informasjon om stoda i tenesta.
- ♦ Teamleiarane i dei to saksbehandlingsteama er faste medlemmar, i lag med barnevernsleiar, i meldingsmøte kvar veke. Saker blir her fordelte til saksbehandlarane parvis ut frå erfaring, kompetanse - og sjølvstøtt også kapasitet. Her er ein alltid bevisst på å sette saman team som sikrar at ein erfaren saksbehandlar lærer opp ein uerfaren i forhold til heile saksgangen i barnevernssakene. Opplæring i forhold til oppfølging og evaluering av hjelpetiltak er ein del av dette.
- ♦ Tenesta har innført fast kontormøte kvar 14. dag der nødvendig informasjon blir gitt til alle tilsette. Internkontroll er eit fast tema i desse møta. Kva er eit avvik, og korleis handtere avvik for å lære og unngå feil i framtida er døme på kor ein har starta for å endre haldningar. Avvik har tidlegare vore oppfatta som personlege i tenesta, difor har det vore svært viktig å fokusere på at dette ikkje er noko ein blir straffa for, og at det er trygt å melde frå om feil.

Tenesta er ikkje i mål når det gjeld gjennomgang av, evaluering og utarbeiding av nye rutinar for opplæring av nyttilsette og vikarar, dokumentasjon av barnevernsfaglege vurderingar og avvikshandtering. Det er viktig å involvere dei tilsette i dette arbeidet. Det har vore for mykje å ta tak i på ein gong internt i Sogn barnevern sidan tenesta også har hatt eit omfattande pålegg dei tilsette måtte jobbe med i samband med Arbeidstilsynet sitt tilsyn i 2014. Sogn barnevern vil difor melde tilbake til Fylkesmannen at framdrifta det er lagt opp til i plan for å lukke avviket etter Fylkesmannen sitt tilsyn ikkje kan bli ferdigstilt før tidlegast ved utgangen av august 2015.

Med helsing


 Hanne Veum
 leiar Sogn barnevern

Vedlegg:

Internt notat om det vidare arbeidet med arbeidsmiljøet i Sogn barnevern

Kopi utan vedlegg:

rådmann og kommunalsjef i Sogndal kommune, rådmann i Luster, Leikanger og Balestrand kommune

Kopi med vedlegg:

Statens helsetilsyn

Vidare arbeid med arbeidsmiljøet i Sogn Barnevern.

Notat Aud kari Isane 15.01.15

Pålegget frå Arbeidstilsynet er formelt lukka, men styringsgruppa som har jobba med konflikten og arbeidsmiljøet ønsker å ta vidare dette arbeidet på følgande måte;

1. Styringsgruppa fortset å halde i dette arbeidet heile 2015. Styringsgruppa skal ha møte kvar tredje månad. Styringsgruppa er utvida med barnevernsleiar og for øvrig samansett av ;
 - a. Lokalt verneombod – Randveig Husum
 - b. Hovudverneombod – Frank Nymark
 - c. Lokalt tilitsvald – Bente Kåsa
 - d. Fylkestilitsvald FO – Jan Egil Haugland
 - e. Barnevernsleiar – Hanne Veum
 - f. Kommunalsjef Aud Kari IsaneStyringsgruppa vert leia av kommunalsjef Aud Kari Isane.
2. Arbeidsgruppene
Dei fire arbeidsgruppene har levert arbeidet sitt.
 1. System og struktur for rettleiing, debriefing mm knytt til det krevande arbeidsinnhaldet i barnevernet og kva det gjer med arbeidstakarane både følelsmessig, kognitivt mm.
 2. Tydleg avklaring og struktur knytt til personaloppfølging og fagleg oppfølging, herunder også behovet for tilgjengelegheit for leiar.
 3. System, vurdering og rutiner for fordeling av saker.
 4. Samhandling leiing og tilsette.

Barnevernsleiar konkretiserer og følger opp dette. Det skal her lagast konkrete planar for;

- rettleiing
- debriefing
- fagleg oppfølging
- personaloppfølging
- introduksjonsprogram og oppfølging av nyttilsette
- kompetanseplan for kontoret

3. Intern organisering
 - a. Det blir gjort ei formell indre omorganisering av kontoret i samsvar med den faktiske organiseringa som barnevernsleiar har gjort med tre team, innhaldet i stedfortredarfunksjonen med meir. Jfr arbeidsgruppe 3.
 - b. Sidan eininga ikkje lenger har tenesteleiar, må det gjere ei rolleavklaring og ansvarsfordeling mellom kommunalsjef og barnevernsleiar.
 - c. Vertskommunerolla må avklarast og følgast opp.
4. Oppfølging av sjukmelde som er på veg tilbake
 - a. Dei som har vore ute i sjukmelding må få ei god oppfølging når dei no er tilbake i kontoret. Kommunalsjef følger opp det som er knytt til konflikten med møte kvar veke for dei det gjeld. Korleige og korleis blir avtalt med den

enkelte etter behov. Det er viktig at den som har vore sjukmeld blir ønskt velkommen og møtt med åpenheit, tillit og respekt.

5. Kultur i kontoret – tillit og respekt

- a. Arbeidsgruppe 4 hadde som oppgåve å jobbe med korleis ein vil ha det saman i Sogn barnevern. Det blei laga ein eigen verdiplakat som seier noko om kva kultur ein ønsker å utvikle og ha internt i kontoret. Nøkelord her er tillit, respekt og rausheit.
- b. Kva indre kultur vi vil ha, må ein ha dagleg fokus på.
- c. Korleis vi møter brukarane og samarbeidspartane våre, heng nært saman med korleis vi møter kvarandre. Ei god barnevernteneste fordrar eit godt arbeidsmiljø og god intern kommunikasjon.
- d. Verdiplakaten bør brukast i personalmøter og medarbeidersamtalar.
- e. Det skal i løpet av året jobbast vidare med dette temaet i mindre grupper.

Kommunalsjef og barnevernsleiar tar dette arbeidet vidare og hentar evnt ekstern konsulent som har følgd prosessen inn ved behov.

6. Prosessen med å få Vik barnevern inn i Sogn Barnevern skal gjerast i tett dialog og samarbeid med dei tilsette. Det blir sett ned ei eiga arbeidsgruppe samansett av ;
- a. Barnevernsleiar
 - b. Kommunalsjef Sogndal kommune
 - c. Kommunalsjef Vik
 - d. Lokalt verneombod
 - e. Lokal tilitsvald

Kommunalsjef Sogndal leiar arbeidet.



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Turid Måseide
Telefon: 57643164
E-post: fmsftbm@fylkesmannen.no

Vår dato
07.04.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2014/3810 - 621
Dykkar referanse

Sogndal kommune
v/rådmannen
Postboks 153
6851 SOGNDAL

14/975 16 20AUDISA
35167/15
08 APR 2015
740
258
13,13

Ikke offentlig, jf offl. § 13 og fvl. § 13

Kopi: Hanne Seim

Tilsyn med Sogn barnevern

Fylkesmannen hadde tilsyn med Sogn barnevern 23.-28. april 2014. Temaet for tilsynet var oppfølging av hjelpetiltak etter barnevernlova, og vi avdekte avvik. Vi har i rapporten peika på manglar ved styringa som kan føre til at barn og foreldre ikkje får nødvendig hjelp til rett tid. Kommunen har sendt oss ein plan for korleis de vil rette opp i dette, og vi har bedt om at de innan 20. januar 2015 oppsummerer kor langt de har kome i det planlagde forbetningsarbeidet, om leiinga ser effekt av dei endringane som er gjort og planen vidare for 2015. Vi ventar framleis på ei slik oppsummering. Sogn barnevern har lova at vi skal få den snart.



På bakgrunn av det vi har sett i denne saka, ventar vi at Sogn barnevern på nytt går gjennom gjeldande prosedyrar med tanke på korleis dei sikrar at barnevernstenesta i kvar enkelt sak følgjer opp hjelpetiltak og vurderer andre tiltak der hjelpetiltak ikkje er nok.

Vi har bedt om at Sogn barnevern innan 25.04.2015 sender oss ein tidsplan for arbeidet med gjennomgang, evaluering og endring av rutinane sine (skriftlege rutinar eller praksis).

Vi har også bedt om at Sogn barnevern innan 10.06.2015 melder tilbake om kva konsekvensar prosedyregjennomgangen har hatt for måten dei arbeider på. Det vil vere tilstrekkeleg at vi får kopi av rådmannens gjennomgang av dette.

Med helsing

Hanne Sæbø
seksjonsleiar

Turid Måseide
seniorrådgjevar

Dette brevet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrifter.

Kopi til Sogn barnevern

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Svar - Tilsyn med Sogn Barnevern

Vi viser til dykkar brev av 07.04.2015 der de ber om rådmannen sin tilbakemelding på korleis vi har følgd opp Sogn barnevern sin prosedyregjennomgang og arbeidsrutinar for å sikre forsvarleg drift av tenesta i etterkant/oppfølging av Fylkesmannen sitt tilsyn 23 – 28. april 2014.

Vi viser først til breva knytt til det aktuelle tilsynet, der vi gir tilsvaret på dei ulike merknadane de har gitt Sogn barnevern. Dykkar brev er datert 25.06.2014 med utfyllande spørsmål gitt i e-post av 5.08.2014 og våre svarbrev datert 25.07.2014 og 21.08.2014. Vi viser og til barnevernsleiar Hanne Veum sitt brev av 25.03.2015 med overskrifta; ”Tilbakemelding som gjeld den interne situasjonen i Sogn barnevern etter tiltak sett i verk for å lukke avvik”.

Vi vil understreke at vi tek merknadane som Fylkesmannen har gitt i samband med tilsynet svært alvorleg. I gjennomgangen med Sogn barnevern i forkant av svarbrev av 25.07 og 21.08.14 jobba kommunalsjef (rådmannsnivået) tett på barnevernsleiar for å sikre at rådmannsnivået har tilstrekkeleg innsikt i både kva tenesta fekk avvik på og korleis vi må endre praksis for å sikre at vi har eit barnevern som yter rett teneste.

Det er og kommunalsjef som har leia arbeidet med å lukke pålegget frå arbeidstilsynet som Sogn barnevern fekk i feb. 2014. Arbeidstilsynet lukka dette pålegget i desember 2014. I det arbeidet har det vore lagt stor vekt på å endre organiseringa i tenesta slik at vi sikrar gjennomslagskraft (openheit) og kvalitet internt i tenesta. Denne nye organiseringa (jf. brev av 25.07.14) har fungert sidan juni 2014 og vi er no i ein prosess der vi gjer ei formell omorganisering. Det vil bli gjort innan 1.07.15.

Kommunalsjef har faste møte kvar veke med barnevernsleiar om oppfølging av drifta. Det er og faste møte ein gang pr. måned med teamleiarane der vi går gjennom alle nøkkeltala for å sikre at vi har god kontroll på sakene og fristar. Kontroll av oppfølging og evaluering av hjelpetiltak er ein del av dette. Det er og innført at barnevernsleiar kvartalsvis rapporterar til dei andre kommunane i Sogn barnevern nøkkeltal og anna relevant informasjon. Denne rapporteringa går til rådmannsnivået i dei samarbeidande kommunane.

For å sikre eit godt internkontrollsystem er det viktig at det heile tida blir utvikla i ein dialog med dei som utfører tenestene, dvs. saksbehandlarane og tiltaksarbeidarane. Sjølv om vi no har på plass gode prosedyrar og rutinar samt kontroll- og rapporteringssystem, så ser vi at vi fortsatt har eit stort utviklings- og læringspotensiale knytt til deling av den enkelte saksbehandlar sin kunnskap og kompetanse. Å få utvikla Sogn barnevern slik at den enkelte tilsette sin kompetanse kan komme eitkvart barn og familie til gode, er vårt langsiktige mål i

vår internkontrolltenkning. Dette er ikkje minst avhengig av at vi klarar å sikre stabilitet og kontinuitet i personalgruppa. Slik sett heng dei to store tilsyna vi har hatt i 2014, både fylkesmannen og arbeidstilsynet sitt, saman. Dette arbeidet fyl rådmannsnivået i Sogndal tett og set mykje inn på å få godt til.

Med helsing

Jostein Aanestad
rådmann

Aud Kari Isane
kommunalsjef

Vedlegg:

Kopi til: Hanne Veum


**FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE**

Sakshandsamar: Turid Måseide
Telefon: 57643164
E-post: fmsftbm@fylkesmannen.no

Vår dato
07.04.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2014/3961 - 621
Dykkar referanse

Sogndal kommune
v/rådmannen
Postboks 153
6851 SOGNDAL

14/3524	14	20 ÅVISA
	35233/15	Ikke offentlig, jf off. § 13 og fvl. § 13
09 APR 2015		
	F40	Kopi
	13,3	Jostein Aa
		Hanne V.

Tilsyn med Sogn barnevern

Fylkesmannen hadde tilsyn med Sogn barnevern 23.-28. april 2014. Temaet for tilsynet var oppfølging av hjelpetiltak etter barnevernlova, og vi avdekte avvik. Vi har i rapporten peika på manglar ved styringa som kan føre til at barn og foreldre ikkje får nødvendig hjelp til rett tid. Kommunen har sendt oss ein plan for korleis de vil rette opp i dette, og vi har bedt om at de innan 20. januar 2015 oppsummerer kor langt de har kome i det planlagde forbetningsarbeidet, om leiinga ser effekt av dei endringane som er gjort og planen vidare for 2015. Vi ventar framleis på ei slik oppsummering. Sogn barnevern har lova at vi skal få den snart.

På bakgrunn av det vi har sett i denne saka, ventar vi at Sogn barnevern på nytt går gjennom gjeldande prosedyrar med tanke på korleis dei sikrar at barnevernstenesta i kvar enkelt sak følgjer opp hjelpetiltak og vurderer andre tiltak der hjelpetiltak ikkje er nok.

Vi har bedt om at Sogn barnevern innan 25.04.2015 sender oss ein tidsplan for arbeidet med gjennomgang, evaluering og endring av rutine sine (skriftlege rutinar eller praksis).

Vi har også bedt om at Sogn barnevern innan 10.06.2015 melder tilbake om kva konsekvensar prosedyregjennomgangen har hatt for måten dei arbeider på. Det vil vere tilstrekkeleg at vi får kopi av rådmannens gjennomgang av dette.

Med helsing

Hanne Sæbø
seksjonsleiar

Turid Måseide
seniorrådgjevar

Dette brevet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrifter.

Kopi til Sogn barnevern

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmspost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj



VÅR DATO
03.11.2015
DYKKAR DATO

VÅR REFERANSE
2015/49418
DYKKAR REFERANSE

1 av 3

19

VÅR SAKSBEHANDLAR
Oddvar Mikalsen, tlf. 95816314

SOGNDAL KOMMUNE
v/rådmannen
Postboks 153
6851 SOGNDAL

SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET		
Arkstift	Arkivnr	År
14/975	19	JAA
Lnr		79031/15
06 NOV 2015		
Arkivkode P	FY0	
Arkivkode S	858	
Klassifikasjon	Gradering	

Melding om postalt tilsyn - krav om opplysningar

Dette er eit tilsyn som inneber at du som arbeidsgivar skal sende inn opplysningar til Arbeidstilsynet.

Arbeidstilsynet fører tilsyn med at verksemda rettar seg etter føresegnene i arbeidsmiljølova. Verksemdar som er underlagde tilsyn etter arbeidsmiljølova, har når Arbeidstilsynet krev det, plikt til å sende inn opplysningar, jf. arbeidsmiljølova § 18-5.

Formålet med tilsynet

Den 10.01.2014 vår ref. 2013/38556, gjennomførte Arbeidstilsynet eit tilsyn hos Sogn barnevern. Arbeidstilsynet konkluderte den gang at det var ein krevjande situasjon ved barnevernet, og det blei gjeve pålegg om å handtere og sette i verk tiltak for å oppfylle krava om eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø. Arbeidstilsynet fekk tilbakemelding den 04.12.2014 der kommunen beskriv vidare framdrift i saka. På grunn av tilbakemelding frå kommunen, avslutta vi saka jf. vårt brev av 10.12.2014.

Arbeidstilsynet har no i seinare tid fått tilbakemelding frå vernetenesta om at situasjonen har endra seg, og at det er stor fare for at arbeidsmiljøet ved barnevernet vil bli skadelidande og falle tilbake til tidligare nivå. Arbeidstilsynet ser alvorleg på tilbakemeldingane med omsyn til arbeidsmiljøet ved Sogn barnevern

Innsending av dokumentasjon/opplysningar

Vi ber dykk sende inn følgjande dokumentasjon/opplysningar:

1. Rådmann si vurdering av arbeidsmiljøet ved Sogn barnevern
2. Vernetenesta si vurdering av arbeidsmiljøet ved Sogn barnevern

Svarfrist: 16.11.2015

Merk sendinga med referansenummer 2015/49418. Bruk denne adressa:

POSTADRESSE
Postboks 4720 Sluppen
7488 Trondheim
Noreg

E-POST
post@arbeidstilsynet.no
INTERNETT
www.arbeidstilsynet.no

TELEFON
815 48 222
TELEFAKS
73 19 97 01

ORGANISASJONSNR
974761211



3#015 4/c:10c39-031 4-4311-arf55-8b66d737f795 83
1992600000000

1571133-2-3



Arbeidstilsynet
Postboks 4720 Sluppen
7468 Trondheim

De kan også sende inn opplysningane på e-post til: post@arbeidstilsynet.no

Dersom de har spørsmål som er knytte til dei opplysningane vi ber om, kan de ta kontakt med saksbehandlaren.

Vidare oppfølging

Det er dei opplysningane de sender inn, som dannar grunnlaget for den vidare oppfølginga. Arbeidstilsynet har rett til å gi pålegg og gjere andre enkeltvedtak på bakgrunn av dei opplysningane vi får inn, jf. arbeidsmiljølova § 18-6.

De kan klage

Kravet om å sende inn opplysningar er ikkje rekna som eit enkeltvedtak. Dersom de meiner at de ikkje har plikt eller lov til å gi oss dei opplysningane vi ber om, kan de likevel klage, jf. forvaltningslova § 14. Klagefristen er 3 dagar etter at de har fått dette brevet. For nærmare opplysningar om klageinstans og framgangsmåte, sjå www.arbeidstilsynet.no/klage.

Informasjon til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet, jf. arbeidsmiljølova §§ 6-2 sjette ledd og 18-6 åttande ledd. Vi har sendt ein eigen kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, skal arbeidsgivaren gi kopien til representanten for dei tilsette.

Har de behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på www.arbeidstilsynet.no, eller de kan kontakte oss på telefon 815 48 222.



Med helsing
Arbeidstilsynet

Jan Petter Sæbø
tilsynsleiar
(sign.)

Oddvar Mikalsen
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:
verneombudet i verksemda
FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER



Rådmannen

Sakshandsamar:
Marit Hagevik
Tlf: 57 62 96 12
Mobil:
Vår ref.
14/975-20
Arkiv
F40 &58
Dykkar ref.
2015/49418
Dato
16.11.2015

Arbeidstilsynet
Postboks 4720 Sluppen

7468 TRONDHEIM

Svar - Melding om postalt tilsyn - krav om opplysningar

Vi viser til dykkar melding om postalt tilsyn – krav om opplysningar av 3. november 2015.

I dette høvet har vi hatt eit internt møte i Styringsgruppa for oppfølging av arbeidsmiljøet i Sogn barnevern. Sjå informasjon om gruppa i brev frå kommunen i januar 2015.

Som de påpeikar i dykkar brev gjennomførte Arbeidstilsynet eit tilsyn hos Sogn barnevern 10.01.14 med konklusjon om at det den gang var ein krevjande situasjon ved barnevernet. Det blei gjeve pålegg om å handtere og sette i verk tiltak for å oppfylle krava om eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø.

Sogndal kommune har arbeidet mot dette målet gjennom heile 2015 og vi tar meldinga om nytt tilsyn sær s alvorleg.

For å sikre eit ekte og realistisk bilete av korleis arbeidsmiljøet i tenesta er nå treng vi litt tid til samtaler med tilsette, vernetenesta og tillitsvalde, og vi ber i dette høvet om å få utsett svarfrist til 7. desember 2015.

Vi informerer om at heile styringsgruppa stilte seg bak tilnærminga og fristutsettinga.

Med helsing

Marit Hagevik
kommunalsjef

3#319_4fc10c39-1374-431f-a655-8b66fd737f795.87



Arbeidstilsynet
v/ Oddvar Mikalsen
Postboks 4720 Sluppen
7468 Trondheim

Rådmannen

Sakshandsamar:
Marit Hagevik
Tlf: 57 62 96 12
Mobil:
Vår ref.
14/975-21
Arkiv
F40 & 58
Dykkar ref.

Dato
07.12.2015

Ikkje offentleg offl. §13

Varsel om postalt tilsyn ved Sogn barnevern

Vi viser til vårt brev av 16. november 2015 der Sogndal kommune bad om utsett svarfrist på postalt tilsyn frå arbeidstilsynet. Vidare viser vi til telefonsamtale fredag 4. desember 2015 der det ble gjort greie for vår tilnærming i saka.

Som sagt i telefonsamtalen erkjenner vi fortsatt å ha eit omfattande arbeidsmiljøproblem i Sogn barnevern. Det vil krevje både tid og ressursar å løyse problema på ei god måte, og vi forventar å måtte bruke heile 2016 for å lukkast i dette arbeidet. Problemløysinga vil bli gjennomført i samarbeid med dei tilsette i eininga, kommuneleiinga, tenesteleiar, vernetenesta, tillitsvalde, kommuneoverlege og arbeidstilsynet.

Vi vil i arbeidet gjere bruk av tidlegare etablerte styringsgruppe, ny etablert tiltaksgruppe og arbeidstilsynet som rådgjevande instans.

Vi vil ha ei transparent tilnærming og, som avtalt i telefonsamtalen, med jamne mellomrom informere arbeidstilsynet om status og prosess.

Målet er å skape eit godt arbeidsmiljø for alle tilsette ved Sogn barnevern, og sikre ei fagleg, økonomisk og administrativ forsvarleg drift av tenesta. Gjennom ei relasjons- og intensjonsbasert leiarmetodikk vil vi søke å skape gode og trygge relasjonar mellom tilsette, samt sikre drifta gjennom balansert bruk av arbeidsgjevars styringsrett.

Vi takker for den tillit de viser og håper på eit godt samarbeid.

Med helsing

Marit Hagevik
kommunalsjef